

Årsrapport 2025



Innholdsfortegnelse

Melding frå etatsleiar

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Aktivitetar og resultat

Styring og kontroll i verksemda

Utsikter framover

Årsrekneskap

Melding frå etatsleiar

Aktiviteten og produksjonen på sokkelen er framleis høg, men framover er det venta at produksjonen av olje og gass vil avta, og at den vidare utviklinga av sokkelen blir dominert av mindre og meir komplekse utviklings- og utbyggingsprosjekt. Alt dette påverkar aktørane på sokkelen, og det har også betydning for måten direktoratet løyser oppdraget på.

Ny organisering og styrkt leiarkapasitet

Ei av dei særskilde prioriteringane i 2025 var å implementere ny organisering med styrkt leiarkapasitet. Arbeidet med ny organisering av direktoratet tok til i 2024, og ny organisasjon starta opp 1. april 2025. Vi rekrutterte fleire leiarar fram til hausten 2025.

For å sikre god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping har den nye organisasjonen fleire einingar som følgjer opp aktivitetane til næringa. Dette er ein respons på at det blir stadig fleire og meir komplekse funn og felt på sokkelen, og på at det årleg blir påvist betydeleg mindre ressursar enn det blir produsert, trass i høg leiteaktivitet og eit stort ressurspotensial.

Tettare oppfølging av felt i drift

Den nye organiseringa set oss også i betre stand til å hjelpe Energidepartementet med å etablere ei styrkt oppfølging av felt i drift, som var ei anna av dei særskilde prioriteringane i 2025.

I den nye organisasjonen er innsatsen meir fokusert slik at vi er sett i stand til å gjere ein større innsats der det er størst forskjell på verdiskaping for næringa og verdiskapinga for samfunnet.

Mange funn er ikkje utvikla

Det er over 90 funn som framleis ikkje er utvikla. Fleire av funna har store ressursar til stades i såkalla tette reservoar, og mange av desse har lege brakk i lang tid. Utvinning frå slike reservoar krev tiltak og teknologiske løysingar av ein skala som gjer det nødvendig med innsats på tvers av utvinningsløyve og operatørar. Sokkeldirektoratet har over fleire år arbeidd med både leverandørar og operatørar for å auke interessa for å utvikle slike funn på sokkelen.

I 2025 hadde vi eit særskilt oppdrag med å bidra til å realisere lønnsam utvikling frå tette reservoar gjennom å bidra til samarbeid og samordning i næringa. Som eit resultat frå dette arbeidet, ser vi no at fleire selskap har konkrete prosjekt i gang, og det var òg interesse for å få tildelt slike funn i [tildeling i forhåndsdefinerte områder \(TFO\) 2025](#).

Samspelet mellom petroleum og CO₂-lagring

Sokkeldirektoratet har i lang tid kartlagt potensialet for å lagre CO₂ på norsk sokkel. Vi har i dei seinare åra hjelpt Energidepartementet med å evaluere søknader om leiteløyve før tildeling. Potensielle CO₂-lager ligg i vassfylte reservoar som kan ha felles trykkregime i undergrunnen med omkringliggjande olje- og gassførekomstar. Det betyr at produksjon av petroleum og injeksjon av CO₂ kan gjensidig påverke kvarandre.

Ei av dei særskilde oppgåvene i år var å vidareutvikle undergrunnsforståing for å adressere slike problemstillingar – og bidra til god ressursutnytting mellom petroleum og lagring av CO₂. Resultata av dette arbeidet gir styresmaktene eit fagleg grunnlag for avgjerder som sikrar best mogleg samla ressursutnytting på sokkelen.

Digital omstilling og sektoravgift

Frå 1. juli 2025 fekk Sokkeldirektoratet høve til å krevje inn sektoravgift frå næringa. Dette gjer at vi kan akselerere og oppskalere arbeidet med digital omstilling. Vi har eit aukande teknisk gap å fylle, og det er eit stort behov for å forbetre digital dataflyt med næringsaktørane og for å digitalisere intern dataflyt og saksbehandling. Eit pågåande tiltak er til dømes arbeidet med å forenkle innrapporteringa til styresmaktene.

I 2025 blei innrapporteringa til revidert nasjonalbudsjett (RNB) for første gong rapportert i nytt digitalt format. Dette representerer ei stor forenkling både for selskap og styresmakter, men full effekt vil først bli oppnådd når løysinga er ferdig utvikla. I 2026 skal løysinga vidareutviklast for meir saumlaus datainnsamling og analyse.

Innføring av sektoravgifta set Sokkeldirektoratet i stand til å halde fram med å utføre oppfølgingsoppgåver som rettar seg mot heile eller delar av petroleumsværksemda og som gjeld digital infrastruktur og digitalisering, dataforvaltning og -deling, kunnskapsutvikling og -deling, oppbevaring og tilgjengeleggjering av geologisk prøvemateriale.

Faktaformidling

Ei av dei sentrale oppgåvene til direktoratet er å bidra med fakta og informasjon frå sokkelen, både til avgjerdstakarar og til folk flest. Dette gjer vi gjennom nettsidene våre, rapportar, presentasjonar, seminar og den årlege «Sokkelåret»-gjennomgangen tidleg i januar.

I «Sokkelåret» deler vi fakta frå næringa i året som gjekk, og perspektiv for åra framover. Over tid ser vi stadig større mediedekning av dette arrangementet, noko som er viktig for at faktaformidlinga vår skal nå breitt ut.

Beredskapssituasjonen

Regjeringa peikar på at vi lever i den mest alvorlege tryggingpolitiske situasjonen sidan andre verdskrigen. I mai 2025 blei den første nasjonale tryggingstrategien lagt fram. Der blir det lagt vekt på at Noreg skal halde oppe posisjonen som ein langsiktig og stabil energileverandør til Europa ved å leggje til rette for at det kan gjerast nye, lønnsame funn.

Samtidig blir det stilt større krav til eigenberedskap for direktoratet. I den nye organisasjonen er arbeidet med tryggleik og beredskap samla i ei eining, og det er sett i gang eit arbeid for å styrke dette arbeidet som ein respons på det endra trusselbiletet.

Stavanger, 13. mars 2026

A handwritten signature in black ink, reading "Torgeir Stordal". The signature is written in a cursive style with a long horizontal line extending from the end of the name.

Torgeir Stordal
Direktør for Sokkeldirektoratet



Introduksjon til verksemda og hovudtal

Verksemda og samfunnsoppdraget

Hovudmålet til direktoratet er å bidra til størst moglege verdiar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel. Dette skal gjerast gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning, der det blir teke omsyn til helse, miljø, tryggleik, utslepp av klimagassar og andre brukarar av havet.

Direktoratet skal vidare bidra til forvaltninga av CO₂-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen for å leggje til rette for reduserte utslepp av klimagassar og forvaltninga av norske havbotnmineralressursar.

Fagleg rolle i forvaltninga av sokkelen

Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk kontinentalsokkel og er eit viktig rådgivande organ for Energidepartementet. I petroleumsverksemda blir det tatt mange avgjerder som får store konsekvensar for samfunnet.

For å forvalte ressursane godt og sikre vidare verdiskaping, er det viktig å ha ei effektiv og føreseieleg forvaltning som har kompetanse til både å forstå og kunne utfordre avgjerder som blir tatt i verksemda. I norsk olje- og gassforvaltning er det Sokkeldirektoratet som i første rekkje har den nødvendige petroleumsfaglege kunnskapen.


Hovudoppgåver i petroleums- og sokkelforvaltninga

Hovudoppgåvene til Sokkeldirektoratet er å

- vere fagetat for arbeidet med forvaltninga av petroleumsressursar på kontinentalsokkelen og gi faglege råd i samband med vurdering, undersøking og utvinning av desse
- vere pådrivar for å realisere mest mogleg av ressurspotensialet innanfor olje og gass for på den måten å skape størst moglege verdiar for samfunnet
- bidra til forsvarleg utvinning av norske petroleumsressursar
- utøve forvaltningsstyresmakt i samband med tildeling av areal, leiting etter og utvinning av petroleumsførekomstar på kontinentalsokkelen
- gi faglege råd om vidareutvikling av reglar og rammer for ressursforvaltning på norsk kontinentalsokkel, og på enkelte område ha styresmakt til å fastsette forskrifter og gjere vedtak i samsvar med regelverk for petroleumsverksemda
- ha nasjonalt ansvar for data frå kontinentalsokkelen og ei oversikts- og formidlarrolle når det gjeld data, analysar og avgjerdsgrunnlag
- vere fagetat i samband med forvaltning av havbotnmineral
- gi faglege råd om lagring av CO₂ på norsk kontinentalsokkel og innspel til Energidepartementet i samband med søknader om løyve etter CO₂-lagringsforskrifta og planar for utbygging og drift av eit undersjøisk reservoar for injeksjon og lagring av CO₂
- gi faglege råd når det gjeld forsvarleg bruk av areal på norsk kontinentalsokkel, og bidra til god sameksistens mellom ulike brukarar av havet
- føre tilsyn med målingar av mengd olje og gass som blir produsert frå norsk sokkel for å sikre at nøyaktige og pålitelege målingar ligg til grunn for berekning av skattane og avgiftene til staten, og inntektene til rettshavarane i petroleumsverksemda (fiskal kvantumsmåling)

Resultatkjeda – frå innsats til verdiar for samfunnet

Resultatkjeda nedanfor er ein modell som viser korleis direktoratet bruker innsatsfaktorane sine, via ei rekkje ulike aktivitetar, til å levere produkt og tenester som gir gevinstar hos eksterne brukarar og samfunnet. Modellen er ei forenkling, men gir likevel eit nyttig overblikk over korleis direktoratet arbeider for å realisere verdiar for samfunnet.




Figur 1: Resultatkjede i Sokkeldirektoratet

Organisasjon og leing

Sokkeldirektoratet har hovudkontor i Stavanger og eit kontor i Harstad. Per 31.12.2025 var det 192 tilsette i Stavanger og 11 i Harstad.

Sokkeldirektoratet blei omorganisert frå 1. april 2025, og har fire hovudområde, to stabseiningar, og fagnettverk med eigne fagleiarar på fem ulike fagfelt. Sjå meir informasjon om den nye organiseringa i kapittelet «Implementere ny organisering med styrkt leiarkapasitet».




Figur 2: Leiinga i Sokkeldirektoratet per 31.12.2025



Figur 3: Fagleiarar i Sokkeldirektoratet

Hovudtal

Utvikling i løyving



Figur 4: Utvikling i løyving


Sokkeldirektoratet får løyvingane sine over statsbudsjettet, som er inndelt i kapittel og postar. Kapittel 1810 post 01 er driftsutgiftene til direktoratet, som i hovudsak består av lønnsutgifter, leige av lokale, IKT-driftsutgifter og andre driftsutgifter. Kapittel 1810 post 21 omfattar utgifter til særskilde, tidsavgrensa tiltak, mellom anna kartleggingstokt og digitaliseringsprosjekt. Kapittel 1810 post 23 gjeld oppdrags- og samarbeidsverksemd, mellom anna innanfor den internasjonale verksemda til direktoratet.

Auken i løyvinga på kapittel 1810 post 01 frå 2024 til 2025 har mellom anna samanheng med at det blei innført ei sektoravgift på petroleumsvksemda i 2025. Avgifta skal dekkje kostnader Sokkeldirektoratet har til digital infrastruktur og digitalisering, dataforvaltning og -deling, kunnskapsutvikling og -deling, oppbevaring og tilgjengeleggjing av geologisk prøvemateriale.

Auken på kapittel 1810 post 21 er knytt til at Sokkeldirektoratet fekk tildelt 150 mill. kroner til natur- og ressurskartlegging av havbotnmineral. Midla blei nytta til innkjøp av autonom undervassfarkost (AUV) til Universitetet i Bergen, oppgradert


multistråle-ekkolodd til Universitetet i Tromsø, havstrausmålarar til Havforskningsinstituttet, og gjennomføring av tre samarbeidstokt med akademia. 23 mill. kroner av løyvinga blir søkt overførte til 2026 for å gjennomføre tre kartleggingstokt med akademia, og for å gjere klar ny AUV for kartlegging i dei djupe havområda på sokkelen.

Utvikling i årsverk



Figur 5: Utvikling i årsverk


Direktoratet har ein svak auke i avtalte og utførte årsverk i dei siste tre åra, men har betydeleg færre årsverk enn før 2022. Dette er trass i at oppgåvemengda har auka i same periode. Årsaka er mellom anna effektiviseringsgevinstane frå digitaliseringsprogrammet som er gjennomført i perioden.



Figur 6: Gjennomstrøyming 2015-2025

Gjennomstrøyming i 2025 er vesentleg redusert frå førre år. Fråtreidingane kjem hovudsakleg av pensjoneringar.

Ressursbruk



Figur 7: Estimert ressursbruk fordelt på delmål 2022-2025 (del av total)

Figuren viser korleis ressursane er fordelte på delmåla i tildelingsbrevet. Han viser auka ressursbruk på delmåla forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data og analysar, og arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig tilgang på ressursar.

Det kan vere ulike forklaringar til denne endringa. Metoden for å berekne ressursbruk er endra i 2025. Medan tala for perioden 2022-2024 er estimat basert på gjennomsnittsvurderingar ut frå område og arbeidsoppgåver, har vi no innført timeregistrering. 2025 var det første året med heilårleg timeregistrering. Det er derfor vanskeleg, og ikkje vurdert som føremålstenleg, å trekke konklusjonar om endringane frå 2024 til 2025.

Frå neste år har vi eit godt grunnlag for å samanlikna år for år. Data frå timeregistrering gir oss også eit godt grunnlag for bruk i planlegging og prioriteringar i verksemda.

Nøkkeltal for Sokkeldirektoratet

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Fast tilsette per 31.12.	219	224	221	216	197	192	195	203
Avtalte årsverk	221,5	215,2	216,0	215,0	203,0	189,0	193,0	195,0
Utførte årsverk	204,6	199,9	200,4	197,4	187,8	177,9	178,6	182,2
Driftsutgifter per utført årsverk	1 514	1 593	1 570	1 564	1 776	1 917	1 982	2 146
	132	065	026	249	298	711	361	431

Lønnsutgifter per utført årsverk	1 095 021	1 145 063	1 143 642	1 162 843	1 232 883	1 335 825	1 373 083	1 437 476
Lønnsdel av driftsutgifter	65 %	65 %	68 %	70 %	65 %	64 %	65 %	65 %
Konsulentdel av driftsutgifter	11 %	14 %	11 %	12 %	8 %	9 %	8 %	9 %
IKT-utgifter	34 239 623	44 339 310	41 194 242	35 982 542	47 101 912	45 772 376	47 011 586	56 893 058
IKT-utgifter per utført årsverk	167 341	221 796	205 581	182 245	250 822	257 264	263 267	312 188
Reiser og diett per utført årsverk	90 409	89 973	20 312	12 221	44 312	64 317	69 389	52 143
Totalt areal per utført årsverk (kvm)	85,4	87,4	87,2	88,5	93,1	98,3	97,9	95,9
Areal ekskl. spesialformål per utført årsverk (kvm)	48,2	49,4	49,3	50,0	52,6	55,5	55,3	54,2
Utgifter til lokale per kvm	2 064	2 153	2 254	2 299	2 318	2 427	2 420	2 461
Utgifter til lokale per utført årsverk	176 300	188 307	196 634	203 567	215 792	238 480	236 949	236 029
Sjukefråvær totalt	3,3 %	3,3 %	3,2 %	4,1 %	5,4 %	4,9 %	4,5 %	4,1 %
Sjukefråvær kvinner	4,0 %	4,6 %	3,4 %	6,7 %	7,6 %	7,0 %	7,2 %	5,5 %
Sjukefråvær menn	2,3 %	2,4 %	3,0 %	1,7 %	3,4 %	3,4 %	4,6 %	2,9 %
Gjennomstrøyming	6,4 %	5,8 %	4,5 %	5,0 %	11,1 %	11,7 %	8,1 %	7,0 %

Tabell 1: Nøkkeltal for Søkeldirektoratet 2018-2025

Aktivitetar og resultat

Denne delen av årsrapporten samanfattar hovudaktivitetane i 2025 og viser korleis direktoratet gjennom kunnskap, rolla som pådrivar og ansvarleg forvaltning bidreg til ein effektiv, berekraftig og langsiktig utvikling av ressursane på sokkelen.

Hovudmål

Hovudmålet til direktoratet er å bidra til størst moglege verdjar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel. Dette skal gjerast gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning, der det blir teke omsyn til helse, miljø, tryggleik, utslepp av klimagassar og andre brukarar av havet.

Direktoratet skal vidare bidra til forvaltninga av CO₂-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen for å leggje til rette for reduserte utslepp av klimagassar og forvaltninga av norske havbotnmineralressursar.

Mål- og resultatstyring er eit grunnleggande prinsipp i statleg styring. Sokkeldirektoratet blir i hovudsak styrt gjennom tildelingsbrevet frå Energidepartementet, som årleg fastset mål, rammer og prioriteringar.

For å oppnå hovudmålet har direktoratet i 2025 arbeidd med ulike aktivitetar og oppgåver som var kategoriserte under desse delmåla i tildelingsbrevet frå Energidepartementet:

- Delmål 1: Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang
- Delmål 2: Arbeid for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift
- Delmål 3: Effektivt innhente, forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data, analysar og kunnskap om norsk kontinentalsokkel
- Delmål 4: Leggje til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen
- Delmål 5: Leggje til rette for sikker lagring av CO₂

I tillegg til delmåla var desse særskilt prioriterte oppgåvene sette opp for 2025 i tildelingsbrevet:

- Iverksette ny organisering med styrka leiarkapasitet
- Medverke til å realisere lønnsam utvinning frå tette reservoar, herunder medverke til samarbeid og samordning i petroleumsnæringa
- Bistå departementet i å etablere ei styrka oppfølging av felt i drift for å leggje endå betre til rette for god ressursforvaltning og auka verdiskaping
- Vidareutvikle undergrunnsforståing for å ta opp problemstillingar og medverke til god ressursutnytting mellom petroleum og lagring av CO₂.

Nedanfor følgjer nærare omtale av arbeidet til direktoratet innanfor dei ulike delmåla og særskilt prioriterte oppgåvene i 2025. Rapporteringa følgjer strukturen i tildelingsbrevet med delmål og tilhøyrande aktivitetar og oppgåver. Sjå kapitlet

«Ressursbruk» i kapittel 2 av årsrapporten for ei oversikt over korleis ressursbruken er fordelt per delmål.

Særskilde prioriteringar

Særskilde prioriteringar er område der Sökkeldirektoratet har vorte beden om å gi ekstra innsats for å styrkje ressursforvaltninga og auke den samla verdiskapinga på sokkelen. Desse prioriteringane har styrt viktige delar av ressursbruken til direktoratet og bidrege til målretta oppfølging av tema med stor betydning for langsiktig utvikling av petroleums- og energisektoren.

Arbeidet har samtidig gitt eit betre fagleg grunnlag for styring, avgjerder og vidare politikktvikling.

Oppdrag: Implementere ny organisering med styrkt leiarkapasitet

Basert på arbeid som blei initiert i 2024 blei det i 2025 framforhandla og implementert ny organisasjonsmodell i Sökkeldirektoratet.

Den nye modellen er kjenneteikna av styrkt leiarkapasitet, tydelege beskrivingar av roller og ansvar, avvikling av lagmodellen, vidareføring av fagnettverk, og organisering av tidsavgrensa arbeid i prosjekt.

Styrkt leiarkapasitet

Den totale leiarkapasiteten er styrkt frå 18 til 21 leiarar totalt i direktoratet. Ressursforvaltninga var tidlegare organisert i to hovudområde.

I ny struktur er ansvaret fordelt på tre hovudområde; Sokkelutvikling, Områdeutvikling og teknologi, og Regelverk, lisens- og arealforvaltning. Det samla talet på leiarar innan ressursforvaltninga er auka frå 10 til 12.

Vidare er det etablert eit eige hovudområde for Forbetring og digital omstilling. Her er også leiarkapasiteten auka frå fire til seks leiarar.

I samsvar med framforhandla protokoll, kan leiarkapasiteten i direktoratet styrkast ytterlegare dersom talet på tilsette aukar.

Direktoratet fører vidare ein modell med to stabseiningar. Begge desse har noko justert ansvar.

Tydelege roller og ansvar

Dei ulike einingane i organisasjonen (hovudområde, område og stabar) har dedikerte leiarar, tydelege beskrivingar av tilhøyrande ansvar, og er tildelt menneskelege ressursar.

I tillegg til leiarrollene finst det definerte roller som fagleiar og prosjektleiar. Ingen av desse rollene har ressursansvar, og dei er derfor ikkje formelle leiarroller. Begge rollene er også tidsavgrensa.

Prosjekt

Tidsavgrensa oppgåver blir i stor grad utførte gjennom prosjekt. Desse blir prioriterte to gonger i året. Prosjekta blir bemanna med ressursar og ein prosjektleiar.

Prosjektorganisering gir fleksibilitet i oppgåveløysing, høve til å tilby varierte oppgåver og eksponere medarbeidarar for interessante og utviklande oppgåver.

Lagmodellen er avvikla

Sokkeldirektoratet har i fleire år praktisert ein lagmodell der oppgåver blei løyste i lag og der medarbeidarar har bidrege i fleire lag i parallell.

Lagmodellen er avvikla. Ansvar for både oppgåver og ressursar er no tydeleg plassert i faste organisatoriske einingar.

Fagnettverk blir vidareført

Det er etablert fagnettverk innanfor relevante fagområde som geofag, feltutvikling, reservoarteknologi, samfunnsøkonomi og juss. Desse blir leia av ein fagleiar.

Fagnettverka skal vere ein arena for fagleg utvikling og erfaringsoverføring og har eige budsjett. Det er forventa at medarbeidarar deltek i fagnettverk innanfor eige fagområde.

Organisering av arbeidet med å endre organisasjonsmodell

Før forhandling om ny organisasjonsmodell diskuterte partane organisasjonsendringar i ei partssamansett arbeidsgruppe.

Implementering fram mot dag 1 var delt inn i 4 arbeidsstraumar:

- Menneske og organisasjon
- Økonomi, verksemdsstyring og førebuingar til dag 1
- IT og system
- Prosjekt, fagnettverk og ressursstyring

Etter dag 1 (1. april 2025) har uteståande oppgåver blitt adresserte i og mellom dei respektive organisasjonseiningane. Dette inneber mellom anna justeringar av roller og ansvar og tilpassing av møtestruktur.

Ei gjennomgåande evaluering av organisasjonsmodellen er avtalt gjennomført innan utgangen av 2026.

Oppdrag: Bidra til å realisere lønnsam utvinning frå tette reservoar, under dette bidra til samarbeid og samordning i petroleumsnæringa

I fleire år har Sokkeldirektoratet jobba med å kartleggje moglegheiter for utvinning frå tette reservoar. Moglegheiter og ressursestimater i tette reservoar har vore omtalte i dei publiserte ressursrapportane frå direktoratet heilt sidan 2017.

I 2025 blei arbeidet med tette reservoar gjennomført av ei prosjektgruppe for å adressere det særskilde oppdraget Aktivitetane har omfatta møter med operatørar for å få ei oversikt over porteføljane og planane deira for å modne

fram slike prosjekt, og møte med leverandørar for å få oversikt over relevante tilgjengelege teknologiar.

Sokkeldirektoratet har vidare utført modelleringsstudiar for å illustrere mogleg auka utvinningsgevinst ved å ta i bruk teknologi for auka brønnproduktivitet, slik som hydraulisk oppsprekking. Særleg har arbeidet og modelleringa utført på Victoriafunnet blitt presentert i mange eksterne forum og skapt stor interesse i næringa. Dette arbeidet er også presentert på ein internasjonal konferanse i Oman i 2025 og publisert som ein teknisk artikkel.

Vi har også arrangert fagturar til både SLB og Halliburton sine teknologisenter i Paris og Houston for å byggje kompetanse på relevant teknologi. Dette var lærerikt, og ga oss eit godt grunnlag til å vurdere korleis tilsvarande teknologi kan brukast til verdiskaping på norsk sokkel.

Tette reservoarer

Sokkeldirektoratet definerer tette reservoar som reservoar med så låg gjennomstrøymingsevne (permeabilitet) at brønntechnologi utover konvensjonell brønntechnologi er nødvendig for å oppnå høge nok produksjonsratar til at utvinninga blir lønnsam.

Slik teknologi kan vere brønnstimulering i form av hydraulisk oppsprekking eller bruk av tynnhullsboring (t.d. Fishbones).



Biletet viser Sokkeldirektoratet i Permian Basin, Midland, USA. Foto: Erika Johana Tovar/Halliburton.

Sokkeldirektoratet har i 2025 identifisert ei rekkje prosjekt og funn som kan vere aktuelle for teknologi som hydraulisk oppsprekking, eller andre tiltak for å auke brønnproduktivitet, og dermed mogleggjere lønnsam utvinning frå tette reservoar. Det er gledeleg at fleire selskap no set søkjelys på desse ressursane, og at fleire av dei vel å søkje på areal som inneheld prospekt og påviste funn med tette reservoar i tildelinger i forhåndsdefinerte områder (TFO) 2025.

Resultat frå arbeidet med dette særskilde oppdraget er publisert mellom anna på direktoratet sine nettsider.

Oppdrag: Bistå departementet med å etablere ei styrkt oppfølging av felt i drift for å legge endå betre til rette for god ressursforvaltning og auka verdiskaping


Det systematiske arbeidet med oppfølging av aktivitetar i utvinningsløyve heldt fram i 2025. I løpet av året blei departementet og direktoratet samde om målsetjingar for arbeidet med oppfølging og korleis direktoratet best kunne utøve rolla som pådrivar. Prioriterte område er baserte på saker og tema der innsatsen til ressursstyresmaktene vil utgjere størst forskjell.

I 2025 har direktoratet også arbeidd med å betre kunne prioritere oppfølginga av funn, felt og område og korleis dette arbeidet kan bidra til ein effektivisering av oppfølginga av næringa. Dette er blitt følgt opp og har vore tema i møter med industrien. Ved slutten av året blei måloppnåinga gjennomgått, og område for forbetring identifisert som grunnlag for vidareføring av effektiviseringsarbeidet i 2026.

Oppdrag: Vidareutvikle undergrunnsforståing for å adressere problemstillingar og bidra til god ressursutnytting mellom petroleum og lagring av CO₂

Fleire av dei tildelte CO₂-lagringsløyva ligg nær produserande petroleumfelt, noko som reiser spørsmål om sameksistens. Både injeksjon av CO₂ og petroleumproduksjon påverkar trykket i akviferen og desse aktivitetane kan dermed påverke kvarandre.. For å handtere dette blei det i 2025 etablert eit prosjekt som vurderer samspelet mellom CO₂-lagring og petroleumsvirksemde.

Prosjektet bruker ein regional reservoarmodell for å analysere korleis aktivitetane påverkar kvarandre. Arbeidet skal gi styresmaktene eit fagleg grunnlag for avgjerder og bidra til tilrådingar om best mogleg samla ressursutnytting mellom petroleumsnæringa og framtidig lagring av CO₂.



Figur 8: Den røde linja markerer ytterkanten til den statiske og dynamiske modellen Sokkeldirektoratet jobbar med for å svare ut den særskilde oppgåva.

Delmål 1: Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang

Sokkeldirektoratet arbeider for ei rasjonell og heilskapleg arealforvaltning som sikrar langsiktig og føreseieleg tilgang på attraktive leiteområde. Gjennom kontinuerleg oppdatering av ressursgrunnlaget, faglege vurderingar i konsesjonsprosessar og tydelege råd til Energidepartementet, legg direktoratet til rette for at potensialet på sokkelen kan utviklast over tid. Slik bidreg vi til at areala blir brukte effektivt og at nye ressursar kan påvisast og realiserast til beste for samfunnet.

Oppdrag: Ha god oversikt over petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel og gjennomføre eige arbeid for å innhente og behandle data, under dette data frå næringa

Sokkeldirektoratet oppdaterer jamleg estimata for uoppdaga ressursar, både i opne område og i område som ikkje er opna for petroleumsverksemd. Det er framleis betydeleg potensial for uoppdaga ressursar på norsk sokkel i alle

havområde. Forventningsverdien av dei totale uoppdaga ressursane er estimert til å vere 3,5 milliardar standard kubikkmeter (Sm³) oljeekvivalentar som kan utvinnast.

Sokkeldirektoratet er oppteke av å synleggjere desse ressursane, mellom anna gjennom publisering i [ressursrapporten](#), [ressursrekneskapen](#), og på ulike konferansar og presentasjonar. Ein ny ressursrapport blir publisert i 2026.

Oppdrag: Gi faglege råd til departementet ved vurdering av petroleumsressursane og konsesjonsrundar

Sokkeldirektoratet gjennomførte geologiske, tekniske og økonomiske vurderingar av alle søknadane til TFO 2025 (tildelingar i førehandsdefinerte område). Dette danna grunnlag for forslag til nye utvinningsløyve med tilhøyrande arbeidsforpliktingar.

19 selskap fekk i januar 2026 tilbod om andelar i totalt 57 utvinningsløyve gjennom TFO-ordninga. Av dei 57 utvinningsløyva er 31 i Nordsjøen, 21 i Norskehavet og 5 i Barentshavet. 20 av utvinningsløyva er tilleggsareal til eksisterande utvinningsløyve. Dette viser at selskapa framleis har stor tru på at det er meir å finne i område med kjend geologi og i nærleiken av eksisterande infrastruktur.

Å utnytte ledig kapasitet i eksisterande infrastruktur for olje og gass er viktig for den vidare verdiskapinga på sokkelen. Då er det nødvendig at selskapa aktivt leiter etter og finn ressursane som er i nærleiken av infrastrukturen.

Sokkeldirektoratet har foreslått utviding av TFO-arealet i 2026 basert på kriterium gitt i Meld. St. 28 (2010-2011) Ei næring for framtida – om petroleumsverksemda, og eit forslag til utviding blei lagt ut på høyring.

Oppdrag: Bidra til at areala på norsk kontinentalsokkel blir forvalta slik at den samla verdiskapinga blir høg, og at det blir sikra god sameksistens mellom etablerte og nye næringar som gjer bruk av havet

Meldesystemet til Sokkeldirektoratet for kommersielle undersøkingaktivitetar i samband med leiting etter og overvaking av petroleumsressursar, leiting etter og overvaking av lokasjonar for CO₂-lagring og dessutan leiting etter lokasjonar for plassering av havvindanlegg, bidreg til god sameksistens mellom næringar.

Data frå undersøkingaktiviteten blir gjorde tilgjengeleg for interessentar via Sokkeldirektoratet sine nettsider. Dette bidrar til at planlegging og samhandling i havområda kan skje på best mogleg fagleg grunnlag, kostnadseffektivt og med minst mogleg konflikt mellom næringar.

Sokkeldirektoratet innrettar seg etter Energidepartementets praksis for tildeling av petroleums- og CO₂-lisensar der ein no har opna for overlappende tildeling av petroleum og CO₂-lisensar, dette for å leggja til rette for god sameksistens, eit døme på dette tildeling av EXL008 (leiteløve) som overlappar med PL 1093 i Nordsjøen.

Oppdrag: Utfordre gjeldande teoriar og kunnskap som ligg til grunn for rådande tenking om dei prosessane og elementa som må til for å få danna ein petroleumsakkumulasjon. På denne måten skal Sokkeldirektoratet sikre best mogleg kunnskap om ressursgrunnlaget på norsk kontinentalsokkel.

Sokkeldirektoratet er oppteke av at forståinga av og kunnskapen om danninga av petroleumsressursar på sokkelen stadig blir utfordra og utvikla. Dette skjer gjennom næringa og styresmaktene si vilje og evne til å investere i ny kunnskap og nye data, og dessutan sjå på eldre data med oppdatert kunnskap og nye idear. Sokkeldirektoratet følgjer opp ved å etterspørje denne typen aktivitetar, og dessutan kommunisere behov for ein diversifisert leiteportefølje. Direktoratet utfører også eige arbeid, presenterer resultat av dette, og har samarbeid med både styresmakter i andre land og akademia.

Eit døme på slikt arbeid er arbeidet Sokkeldirektoratet har gjort med å kartleggja ein ny kjeldebergart i Norskehavet og Barentshavet.

Delmål 2: Arbeide for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift

Sokkeldirektoratet arbeider for at petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel blir forvalta og utnytta på ein samfunnsøkonomisk lønnsam måte gjennom heile verdikjeda – frå leiting til utbygging og drift.

På grunnlag av faglege vurderingar, ei aktiv rolle som pådrivar i utvinningsløyva og tett dialog med aktørane bidreg direktoratet til at moglegheiter for langsiktig verdiskaping blir identifiserte, modna og realiserte. Slik sikrar vi at ressursane blir utvikla på ein forsvarleg, effektiv og kunnskapsbasert måte til beste for samfunnet.

Oppdrag: Vere pådrivar for å sikre at moglegheiter for langsiktig verdiskaping blir vurderte innan leiting, utbygging og drift på norsk kontinentalsokkel. Under dette bidra til at aktørane innanfor sektoren som har ansvar for leiting, utbygging, drift og disponering, arbeider aktivt for at tildelt areal blir utforska tidsriktig og effektivt, at funn blir bygd ut og at tiltak for å auke utvinninga frå felt i drift blir identifiserte og gjennomførte.

Lisensforvaltning

Ved utgangen av 2025 var det over 530 aktive utvinningsløyve på norsk sokkel, forvalta av 23 rettshavarar i ulike samansetningar. Direktoratet følgjer opp verksemda gjennom heile livsløpet for utvinningsløyvet for å sikre langsiktig verdiskaping. Dette inkluderer etterspurnad etter planar, alternative løysingar og avgjerder, og dessutan oppfølging av at planar blir følgde og nye planar initierte ved behov.

Direktoratet bidreg til at dei beste løysingane for samfunnet blir valde, og vi utfører også eige arbeid som kartleggingar, simuleringsstudiar og områdestudiar. Behandling og oppfølging av søknadar gjer at moglegheiter for langsiktig verdiskaping blir vurderte innanfor leiting, utbygging, drift og avslutning på norsk sokkel.

Leiting

Sokkeldirektoratet har over fleire år vore ein pådrivar for auka leiteaktivitet i lite utforska område på norsk sokkel. Dei siste åra har selskapa fokusert på leiting nær eksisterande infrastruktur, noko som gir god lønnsemd på kort sikt.

For å realisere heile verdipotensialet på norsk sokkel, trengst det likevel meir leiting i område med lite utbygd infrastruktur, som i det nordlege Norskehavet og i Barentshavet. Det er også ønskjeleg at selskapa tar større risiko i mindre modne områder.

Områdevurderingar

Direktoratet legg stor vekt på at det blir gjort gode områdevurderingar ved planlegging av nye utbyggingsprosjekt, og etterspør at rettshavarane innarbeider relevante løysingar for god ressursutnytting. Avgjerder om ny infrastruktur set rammer for ressursutvikling i området, og rettshavarane må vise at vald løysing gir mest verdi. Områdestrategien er viktig for langsiktig og god ressursforvaltning. Lønnslemsanalysane til Sokkeldirektoratet er basert på samfunnsøkonomisk verdi, med lågare avkastningskrav enn næringa, noko som fremjar langtidsperspektiv. Direktoratets analysar tar heller ikkje omsyn til ulike eigarskap til ressursane i motsetning til selskapa sine bedriftsøkonomiske analysar.

Langsiktig verdiskaping ligg også til grunn for tilrådingar til Energidepartementet om vurderingar av framtidige tiltak og potensial. Dette bidreg til auka verdiskaping for samfunnet på lang sikt.

Erfaringsoverføring

Direktoratet er alltid på utkikk etter erfaringar og kunnskap som kan delast for å skape auka verdier. Direktoratet har eigne arrangement og bidreg på fleire arenaer for kunnskapsdeling, som FORCE, eit samarbeidsforum for olje- og gasselskap og styresmakter i Noreg. FORCE arbeider for framtidig verdiskaping gjennom kunnskapsdeling innan berekraftig utvinning, forbetra leiting, energieffektivitet og miljø. I 2025 blei det arrangert 20 arrangement under FORCE. Sokkeldirektoratet arrangerer også årleg ein Teknologidag der næringa vert invitert inn til å presentere korleis dei brukar teknologi for å sikre god ressursforvaltning på sokkelen.

Sokkeldirektoratet oppmodar aktørane på norsk sokkel til samarbeid og kunnskapsdeling på tvers av utvinningsløyve og selskap, inkludert spesifikke teknologiar, metodar og potensial for samordning. Dette er beskrive under "Særleg følgje opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av

tidskritiske ressursar” og “Vere ein pådrivar for utvikling og bruk av ny teknologi, mellom anna digitalisering, i alle delar av verdikjeda med mål om god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping”.

Barentshavet

I Barentshavet er det to hovudtema som har hatt fokus i 2025. Vi har følgd utviklinga av Wisting-prosjektet tett, der vi har vore ein pådrivar for områdefleksibilitet, optimal utvinning og gassavsetningsløyving. Vi har også arbeidd med å oppnå ei tilrettelegging i Snøhvit Unit for å kunne ta imot gass frå oljefelt som har behov for gassavsetning. Dette gjeld i første omgang for Goliat, men vil med tida også vere aktuelt for Johan Castberg-feltet.

Det same behovet vil også vere til stades ved realisering av andre påviste ressursar i Barentshavet, som til dømes Alta/Gotha. Den totale kapasiteten til Hammerfest LNG på Melkøya er ein avgrensande faktor i denne samanheng. Samtidig er det viktig for området at ein legg til rette for fleksibel tilknytning slik at ein kan optimalisere utvinninga frå alle felt i området.

Norskehavet

I Norskehavet er utnyttning av eksisterande infrastruktur heilt sentralt. I Vøringbassenget er innretninga Aasta Hansteen infrastruktur med ledig kapasitet og lang gjenverande teknisk levetid.

Sokkeldirektoratet har vært pådrivar for å modne påviste ressursar for mogleg tilknytning, og å oppretthalde leiteaktiviteten slik at kapasiteten på Aasta Hansteen kan utnyttast for å skape størst mogleg samfunnsøkonomisk verdi. Ein dedikert nettverkstudie blei gjennomført for dette området for å simulere optimal utvinning av påviste ressursar i området som fagleg grunnlag for pådrivarrolla vår i dei ulike utvinningsløyva i området.

Sokkeldirektoratet har i 2025 vore opptekne av at rettshavarane modnar fram og konkretiserer framtidige potensial, til dømes i Halten-området. I dialogen med selskapa har Sokkeldirektoratet vore tydeleg på at det er viktig å planlegge langsiktig og å sjå på tvers av løyve og innretningar for å finne dei beste og mest effektive løysingane som gir størst mogleg verdiskaping.

Nordsjøen

I Nordsjøen har Sokkeldirektoratet til dømes hatt dialog med rettshavarane i Balder-/Grane-området om framtidige tiltak og potensial som vil støtta opp om god ressursforvaltning. Også her er det essensielt å sjå på tvers av løyve og innretningar. I arbeidet er det viktig at rettshavarane har gode og langsiktige planar som sikrar at det blir arbeidd for maksimal verdiskaping.

I framtida er det sannsynleg at det vil bli få sjølvstendige utbyggingar. Dei aller fleste områda i Nordsjøen har eksisterande infrastruktur, og det er viktig at det blir lagt til rette for tilknytning av eksisterande og framtidige funn.

I Snorreområdet blei det i 2025 etablert eit områdeforum av og med felt og funn som blir vurderte knytte opp til Snorrefeltet. Målet med forumet er å få til ein open dialog og betre forståing på tvers av alle aktørane i området, noko som vil gjere samhandling og samarbeid enklare. Sokkeldirektoratet har støtta initiativet og har ei observatørrolle i forumet. Direktoratet er også positive til liknande initiativ i andre område.

Tilsvarande har området rundt Troll, Fram og GjØa ei rekkje store og små felt, i tillegg til mange funn og kartlagde prospekt som treng ei utbyggingslØsning. I 2025 blei det i PL 1182s gjort eit av dei største funna i området (Kjøttkakefunnet, brønnbane 35/10-15 S), og rettshavarane er no i gang med å sjå på mogelege utbyggingslØsningar. Direktoratet prioriterer oppfølginga i dette området og har i 2025 spesielt vore oppteke av at ressursane i Troll – GjØa området kan bli utvikla og har utfordra rettshavarane på å vurdere alternative utbyggingslØsningar.

I Grane / Balder området er det planlagt elektrifisering av innretningane. Dette er per i dag det einaste gjenståande elektrifiseringsprosjektet på norsk sokkel som ikkje er vedteken. Prosjekt i Grane-/Balder-området omfattar også at det blir vurdert ei lØsning med bygging av ei ny plattform, Grane B. Direktoratet har i vår dialog med rettshavarane vore oppteke av at planlagde tiltak må vere ressursforvaltingsmessige og samfunnsØkonomiske forsvarlege. Derfor har Sokkeldirektoratet i 2025 gjort det tydeleg for aktørane at det må takast omsyn til dei ressursforvaltingsmessige konsekvensane for heile Grane-/Balder-området ved planlagde tiltak og prosjekt.

Oppdrag: Bidra til at rettshavarane planlegg og gjennomfører kostnadseffektive utbyggingsprosjekt som er i samsvar med beste industripraksis og baserte på erfaringsoverføring frå tidlegare prosjekt, inkludert operasjonisering av ettersjåplikta

Godt tidlegfasearbeid er grunnleggjande viktig for gode prosjektgjennomføringar. Sokkeldirektoratet gjennomfører derfor ein møteserie med utvalde prosjekt som er i gjennomføring, både for operatørar og rettshavarar. Formålet med møta er å følgje opp status og innhente erfaringar frå prosjekt i gjennomføringsfasen. Direkte møte med rettshavarane gjer at Sokkeldirektoratet på kort tid kan få fleire detaljar om status, risiko og erfaringar frå prosjekta som elles er vanskeleg tilgjengeleg i statusrapportar og annan prosjektdokumentasjon.

Ved utarbeiding av plan for utbygging og drift (PUD) skal alle rettshavarar utanom operatøren skriftleg gjere greie for kva aktivitetar dei har gjennomført og planlegg å gjennomføre for å oppfylle ettersjåplikta i tilknytning til utarbeiding og gjennomføring av PUD. Under dette kjem eventuelle eigne studiar, eksterne studiar, verifikasjonar, deltaking i ulike komitear i utvinningslØyvet og andre aktivitetar.

Sokkeldirektoratet vurderer innspel for å avgjere om ettersjåplikta er godt teken hand om i planane. Dette bidreg til å sette fokus på betydninga av ettersjåplikta og at det blir lagt til rette for aktivitetar som operasjoniserer plikta.

I 2025 har Sokkeldirektoratet hatt møte med sju pågåande prosjekt i gjennomføringsfasen. Hovudintrykket er at framdrifta stort sett følgjer planen, men at marknaden er krevjande. Her er det ulike forhold som er med å påverke kostnader, leveringstider, ferdigstilling og produksjonsstart.

Oppdrag: Særleg følgje opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av tidskritiske ressursar

Arbeidet med å sikre høgast mogleg utvinning frå eit felt startar allereie i planleggingsfasen av ei utbygging. Etter kvart som data blir samla inn og forståinga av eigenskapane til reservoaret aukar gjennom produksjonsfasen, kan nye eller oppdaterte tiltak for auka utvinning settast i verk. Direktoratet er derfor oppteke av auka utvinning i alle fasar av arbeidet med å følgje opp utvinningsløyve.

Det kan vere samfunnsøkonomisk lønnsamt med ei samordna utvikling av éin eller fleire førekomstar. Rettshavarane pliktar å søkje ei samordning når ein petroleumsførekomst strekkjer seg over fleire blokker, eller når det er openbart rasjonelt med ei samordna verksemd. Den faglege kunnskapen til direktoratet om norsk sokkel gjer oss i stand til å utfordre rettshavarane når det gjeld effektive områdeløysingar. Vi gjer også eigne studiar og vurderingar i område der det kan vere potensial for samordningsgevinstar.

Tidskritiske ressursar er lønnsame ressursar som kan stå i fare for å ikkje bli bygd ut innanfor eit gitt tidsvindauge. Til dømes kan minkande trykk i reservoaret på grunn av annan nærliggjande produksjon eller mogleg utfasing av eksisterande infrastruktur påverke lønnsmda i utbygginga.

Sokkeldirektoratet har i samband med dette utført ein studie i 2025 for å sjå på tidskritikalitet for vertsfelt på sokkelen. I tillegg har nettverksmodellering som nemnt blitt brukt for å vurdere områdeløysingar for førekomstar i Vøringbassenget.


Gjenopning av nedstengde felt i Ekofiskområdet

Vest-Ekofisk, Albuskjell og Tommeliten Gamma er felt i Ekofiskområdet som tidlegare har vært i produksjon fram til 1998.

Sokkeldirektoratet har over lang tid jobba for å vareta ei langsiktig og god vidareutvikling av heile Ekofisk-området, inkludert både felt i drift, nedstengde felt og leiteareal.

I samband med forlenging av utvinningsløyva i Ekofiskområdet tilrådde Sokkeldirektoratet vilkår for å sikre at alle lønnsame ressursar blir utvikla og forsvarleg vunne ut. Eit av vilkåra var å levere ein plan for gjenopning av dei nedstengde felta Albuskjell, Vest-Ekofisk og Tommeliten Gamma.

Rettshavarane tok 16. desember 2025 investeringsavgjerd for å gjenopne dei tre felta med ein planlagd produksjonsoppstart 4. kvartal 2028. Plan for utbygging og drift blir levert til styresmaktene 1. kvartal 2026.



Figur 9: Innfasing av felt som tidlegare har vore i produksjon.

Illustrasjon: ConocoPhillips.

Oppdrag: Vurdere søknader og følgje opp løyve som følgjer av petroleumslov og konsesjonssystem og gi petroleumsressursfaglege råd til departementet i samband med dette

Sokkeldirektoratet behandlar søknader frå rettshavarar og gir råd til Energidepartementet i forvaltningssaker. Sokkeldirektoratet sine vurderingar og rådgiving sikrar ei forsvarleg og effektiv forvaltning av petroleumsressursane på norsk sokkel. Direktoratet gir også faglege råd til Energidepartementet slik at politiske avgjerder kan takast på eit solid, kunnskapsbasert grunnlag.

I 2025 behandla direktoratet 95 søknader om produksjonsløyve og 44 søknader om reviderte produksjons- eller brenning og kaldventileringsøknadar. Vi behandla også ein PUD (Fram Sør), fire fritak frå PUD (Isflak, Smørbukkk Midt, Brage Talisker og Fram F-aust Fensfjord) og ei underretning om vesentleg endring (Balder fase 6).

Behandling av søknader om forlenging av utvinningsløyve er viktige milepælar for både rettshavarar og styresmakter. Her blir det sett rammer for vidare drift for å sikre ei forsvarleg ressursforvaltning både på funn og felt, og dessutan for å oppnå ei god områdeutvikling. Sokkeldirektoratet har i 2025 hatt fleire saker om forlenging av utvinningsløyve under behandling, eksempelvis GjØa, Brage og Symra.

I 2025 behandla Sokkeldirektoratet 156 saker i Smil-applikasjonen (Smart interaktiv lisensforvaltning), der 85 var søknadar om utsetjing av fristar. Direktoratet gav også samtykke til oppstart eller vidareføring av tolv prosjekt, inkludert Jotun FPSO, SnØhvit Askeladd Vest, Verdande, Andvare, Ormen Lange fase 3 og Halten Øst, og behandla fleire søknadar om forlenging av utvinningsløyve mellom anna på Edvard Grieg og Symra.

Oppdrag: Bidra til gode rammevilkår gjennom arbeidet med forvaltningsplanane i Fagleg forum og i Overvakingsgruppa, og dessutan gi faglege råd til departementet

Sokkeldirektoratet bidreg i oppdateringa av forvaltningsplanane for dei norske havområda gjennom deltaking i Fagleg forum og Overvakingsgruppa. Arbeidet med forvaltningsplanar går i ein fireårssyklus, og arbeidet med ein ny forvaltningsplan er sett i gang. I 2025 har Sokkeldirektoratet teke på seg hovudansvar for kapittelet som omhandlar verdiskaping i den nye forvaltningsplanen.

I tillegg er Sokkeldirektoratet ein aktiv bidragsytar i fleire av dei andre temaa i faggrunnlaget for den nye forvaltningsplanen. Det faglege grunnlaget skal ferdigstillast i løpet av 2026.

Oppdrag: Vere ein pådrivar for utvikling og bruk av ny teknologi, under dette digitalisering, i alle delar av verdikjeda med mål om god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping

Mykje av Sokkeldirektoratet sitt arbeid med teknologi har i 2025 vore fokusert rundt tette reservoar, som er beskrive under særskilde prioriteringar i denne årsrapporten.

Sokkeldirektoratet har samtidig halde fram med å stille forventningar til rettshavarane i utvinningsløyva om å bidra til teknologiutvikling og -implementering. Forventninga er at det blir etablert teknologistrategiar i utvinningsløyva som ein del av dei langsiktige utviklingsplanane.

Teknologistrategien til Sokkeldirektoratet dannar grunnlaget for pådrivet til direktoratet mot rettshavarane. Mål for teknologistrategien til Sokkeldirektoratet er å bidra til å finne meir, vinne ut meir og å redusere utslepp.

Også i 2025 arrangerte Sokkeldirektoratet teknologidagen. Dette var fjerde året på rad at arrangementet var fullteikna og at eit utval av rettshavarar på norsk sokkel presenterte erfaringane sine med teknologiar relatert til teknologistrategien til direktoratet. Dette er eit arrangement som er svært populært, og tilbakemeldingane tyder på at det resulterer i stor inspirasjon og kompetanseløft.

Sokkeldirektoratet har i 2025 delteke aktivt, saman med Energidepartementet og Forskningsrådet, i møte med operatørane på norsk sokkel for å få innblikk i korleis forskning og teknologimidlar (FOT) blir brukte i utvinningsløyva. Direktoratet bidreg i desse møta for å peike på vedhaldande behov for petroleumsforskning og sikre at FOT-midlar blir brukte i samsvar med intensjonen.

Bidrag på eksterne arenaer

Sokkeldirektoratet har delteke med foredrag på ei lang rekkje faglege konferansar og seminar både i inn- og utland. Faktaformidling og deling av kunnskap om sokkelen er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt.

Sokkeldirektoratet har i 2025 vore ein aktiv bidragsytar inn i arbeidet i Forskningsrådet, og spesielt med utvikling av programmet Energi2050. Energi2050-programmet skal arbeide for auka verdiskaping innan utsleppsfri energi, petroleum, CO₂-handtering og havbotnmineral. Programmet skal også arbeide for ein sikker, effektiv og berekraftig ressursutnytting som skal vareta energitryggleik, klima, natur og miljø.

Sokkeldirektoratet har bidrege på ulike område knytte til strategiarbeidet for programmet, og deltek aktivt i arbeidet med energitryggleik i den etablerte ekspertgruppa.

Oppdrag: Bistå Gassco i utviklinga av ressursforvaltingsmessige gode og langsiktige gassinfrastrukturløysingar

Direktoratet har starta arbeidet med ein porteføljeanalyse knytt til kva effektar endringar i gassinfrastrukturen kan ha for ressursforvaltninga. Samtidig hjelper direktoratet Gassco med å sikre at nye tiltak som blir vurderte for gassinfrastrukturen, er formålstenlege for den langsiktige ressursforvaltninga.

Sokkeldirektoratet varetek at heile ressursgrunnlaget blir inkludert, at det blir definert gode referansealternativ som tiltak blir vurderte opp mot. Alternativ med tilhøyrande eksterne effektar blir inkluderte i ei samfunnsøkonomisk verdioptimalisering.

I tillegg til eige fagleg arbeid og bidraga inn i den pågåande FGI-analysen (Future Gas Infrastructure) som blir gjennomført i regi av Gassco, har vi også tett dialog og bidreg inn i arkitektvurderingane Gassco gjer i igangverande utbyggingsprosjekt.

Døme på desse bidraga er ressursvurderingar som vi gir i samband med vurderinga av eit gasseksport-alternativ for Wisting og betydninga av ei områdeløysing som også omfattar Johan Castberg og andre påviste ressursar i området.

Delmål 3: Effektivt innhente, forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data, analysar og kunnskap om norsk kontinentalsokkel

Som fagdirektorat med ansvar for å forvalte ressursane på sokkelen, har vi unik tilgang til fakta og data. Våre analysar gir faktabasert kunnskap om ressursane på og under havbotnen. Denne kunnskapen gjer at både styresmaktene og industrien kan ta trygge, lønnsame og langsiktige avgjerder.

Oppdrag: Vere eit nasjonalt sokkelbibliotek og samle inn, forvalte og gjere fysiske og elektroniske data og informasjon tilgjengeleg. Arbeide med standardisering og heilskapleg tilnærming på innsamling og formidling av data på tvers av eksisterande og nye næringar.

Data som grunnlag for verdiskaping og effektiv ressursforvaltning

Sokkeldirektoratet spelar ei sentral rolle i å støtte nasjonale ambisjonar om å utnytte data for auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar og ein meir effektiv offentleg sektor i Noreg.

Petroleumsrelaterte data

Gjennom mange år har Sokkeldirektoratet vore ein viktig bidragsytar til utviklinga av petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel. Vi samlar inn, forvaltar og deler petroleumsrelaterte data med rettshavarar, akademia og andre interesserte gjennom [Faktasider](#) og [Faktakart](#) på nettstaden vår.

Data blir oppdaterte dagleg og omfattar informasjon om funn, felt, brønningar, produksjon, operatørar, rettshavarar og utvinningsløyve. Datamengda er stor og aukande år for år. Ved utgangen av 2025 var samla datamengd om lag 22 petabyte.

Datadeling gir konkurransefortrinn

Deling av strukturerte og opne data gir norsk sokkel eit stort konkurransefortrinn. Når tilgangen til data er god, kan aktørane konsentrere seg om tolking og analyse framfor innsamling og tilgangsstyring. Dette bidreg til store årlege gevinstar for alle rettshavarar.

Frigiving av data

Det vart frigitt data frå 1 115 brønnbanar i 2025, med totalt 65 400 dokument. 3 475 3D-datasett fordelt på 159 undersøkingar vart også frigitt i løpet av året, i tillegg til 256 datasett fordelt på 39 2D-dataundersøkingar.

Diskos og Geobank


Sokkeldirektoratet forvaltar ei av dei største samlingane i verda av undergrunnsdata. Dei digitale data blir lagra i Diskos-databasen, medan fysiske prøver blir varetekne i Geobank.

Diskos er den nasjonale databasen for leite- og utvinningsrelatert informasjon om norsk sokkel. Sokkeldirektoratet driftar databasen på vegner av medlemmene. I 2025 hadde Diskos 25 medlemmer og om lag 22 assosierte medlemmer og 39 universitet og forskingsinstitutt. Denne løysinga har gjort at rettshavarane på norsk sokkel får tilgang til data når dei treng det – i motsetning til at kvar rettshavar skulle lagra data kvar for seg.

Databasen inneheld mellom anna seismikk-, brønn- og produksjonsdata og utgjer ein sentral infrastruktur for kunnskapsdeling og effektiv ressursforvaltning.

Geobank i tal (per 31.12.2025)

- 158 430 meter kjernar frå 1880 brønnar
- 818 962 posar med cuttingsprøver frå 2357 brønnar
- 1042 havbotnmineralprøver



Figur 10: Akkumulert datavolum i Diskos-databasen 1986-2025

Oppdrag: Utvikle kunnskap om ressurspotensialet og publisere analysar som beskriv petroleumsressursar på norsk kontinentalsokkel

I 2025 publiserte Sjøkeldirektoratet rapporten «Eit aktørbilete i endring», som gir oversikt over korleis aktørbiletet på norsk sokkel har utvikla seg over tid. Studien omfattar aktiviteten i leitefasen – frå tildeling av utvinningsløyve til eventuelle funn. Produksjonsfasen vil bli behandla i ein eigen studie i 2026.

Analysen viser at talet på selskap på norsk sokkel no er på sitt lågaste nivå sidan starten av olje- og gassverksemda. Leiteaktiviteten er i aukande grad dominert av norske aktørar og selskap med hovudaktivitet på norsk sokkel. Rapporten presenterer også ei ny selskapsinndeling og beskriv utviklingstrekk innan aktivitet og ressurstilvekst fordelt på desse gruppene.

I 2025 publiserte Sjøkeldirektoratet også fleire dashbord med nøkkeltal for petroleumsverksemda på norsk sokkel. Brukarane kan hente ut interaktive talgrunnlag, statistikk og analysar om norsk sokkel. Dashborda gir oversikt over

mellom anna produksjon, talet på utvinningsløyve og felt, funn- og einingskostnader og dessutan CO₂-utslepp.

Det er også publisert statistikk for leitebrønner og teknisk funnrate. Hausten 2024 lanserte direktoratet eit eige dashbord som viser petroleumsressursar og reservar i utvinningsløyva. Dei nye dashborda bidreg til deling av kunnskap og betre forståing av verksemda på norsk sokkel.

Oppdrag: Innhente og formidle analysar og kunnskap om petroleumspotensialet, mineralressursane og lagringspotensialet for CO₂ på norsk kontinentalsokkel

Sokkeldirektoratet arbeider målretta med å innhente og formidle analysar og kunnskap om petroleumspotensialet, mineralressursane og lagringspotensialet for CO₂ på norsk kontinentalsokkel. Dei siste åra har direktoratet gjennomført omfattande toktaktivitet i djuphavet, og arbeidd med analysar i Barentshavet. Kunnskapen vår er formidla breitt i eksterne fora, og vi har lansert ein ny djuphavswbportal.

Vi har også arrangert eit eige datadelingsseminar for djuphavsdatabar. Vidare har Sokkeldirektoratet delt kompetanse innan CO₂-lagring i fleire nasjonale og internasjonale møteplassar, blant anna i Brussel. Samstundes er alle CO₂-løyva publisert på våre faktasider, og eit større arbeid er i gang for å oppgradere CO₂-nettsidene på sodir.no for å sikre endå betre tilgjenge på oppdatert og fagleg robust kunnskap.

Innhente og formidle analysar og kunnskap om petroleumspotensialet

Sokkeldirektoratet har over fleire år jobba med å dokumentere og ta prøver av naturlege olje- og gassutsvingar på norsk sokkel, dette for å m.a. auke forståinga av petroleumssystema våre og for å betre forstå korleis slike naturlege utsvingar best kan brukast i leitesamanheng. I 2025 var Sokkeldirektoratet med på tre vitenskaplege undersøkingsekspedisjonar i samarbeid med Universitetet i Tromsø, alle med mål om å få auka innsikt i petroleumssystema ulike stader på sokkelen.

Den første ekspedisjonen kartla gassutsvingar og tok sedimentsprøver i vestlege Barentshavet og på Bjørnøyvifta for å leita etter spor av ein ung kjeldebergart. Den andre ekspedisjonen undersøkte gassutsvingar i Norskehavet og nordlege Nordsjøen med ROV (fjernstyrt undervassfarkost) og samla prøvar for å identifisera moglege nye kjeldebergartar. Den tredje ekspedisjonen dokumenterte både kjende og nye gassutsvingar i vestlege Barentshavet, og prøvetakinga har gitt ny innsikt i petroleumssystema som skal tolkast vidare i 2026.

Undersøkingane på øvre del av Bjørnøyvifta gav nye spor å følgje for å finne ut meir om petroleumspotensialet til området knytte til ny ung kjeldebergart. I Norskehavet og nordlege Nordsjøen har resultatane gitt ny kunnskap om både dei naturlege utsvingssystema og samanhengen dei har med brønnrelaterte utsvingar, som vil vere viktig i vidare arbeid knytte til dette i desse områda.

Innhente og formidle analysar og kunnskap om og lagringspotensialet for CO₂

2025 har vore eit aktivt driftsår med m.a. kontinuerleg oppfølging av 14 aktive CO₂-løyve på sokkelen. Representantane til direktoratet i dei ulike lisenskomiteane utøver eit viktig forvaltningsansvar for innhenting av innsikt og kunnskap i dette sambandet. Alle aktørar på sokkelen er kjende med at injeksjon av CO₂ kan ha påverknad på nærliggjande aktivitetar utanfor sine egne lisensgrenser, mot andre petroleums- og CO₂-løyve. For å sikre openheit i samband med grenseoverskridande påverknad har Sokkeldirektoratet gitt vilkår om etablering av samarbeidsforum mellom CO₂-løyve der dette er aktuelt.

FORCE har hatt eit innhaldsrikt år. FORCE har mellom anna arrangert seminar om karbonfangst og lagring relatert til nedstengde brønner (kjent som «legacy wells») og modelleringsstrategiar for CO₂-injeksjon. Det har generelt vore god oppslutning frå næringa, akademia, forskingssenter, og styresmakter med deltakarar frå både inn- og utland i FORCE-arrangement om karbonfangst og lagring i 2025.


Innhente og formidle analysar og kunnskap om mineralressursane

Sokkeldirektoratet har i 2025 bidrege til vidare utvikling av nasjonal infrastruktur og kunnskapsgrunnlag for havbotnmineral gjennom støtte til fleire forskings- og kartleggingsmiljø. Dette inkluderer finansielle bidrag til oppgraderingar av marint utstyr og til innsamling og analyse av relevante data.

2025 har vore eit aktivt år for innhenting og deling av ressursdata for havbotnmineral på norsk sokkel. Direktoratet har samla inn omfattande djupedata med høg oppløysing og delteke i arbeidet som stadfesta ein ny mineralførekomst i den nordlege delen av det opne området. Det er også gjennomført videodokumentasjon av havbotnen i sør, og dessutan teke inn prøvemateriale til bruk i forskingsprogram. I tillegg blei måleinstrument for langtidsobservasjon av havstraumar sett ut som del av kunnskapsinnhentinga.

Alt innsamla datamateriale er gjort tilgjengeleg gjennom fildelingsløyvinga til direktoratet og inngår i igangverande ressursvurderingar. Direktoratet arrangerte også eit datadelingsseminar med fokus på ressurs-, miljø- og biologidata frå djuphavet, med bidrag frå fleire forskingsinstitusjonar og aktørar. Presentasjonane er offentleg tilgjengelege. Vidare blei Deep Sea Survey-portalen relansert, som gir tilgang til eit breitt spekter av djuphavsdata.

Sokkeldirektoratet er også partner i EU-prosjektet GSEU, der direktoratet har bidrege med data og fagkompetanse innan djuphavsområdet.



Figur 11: Illustrasjon frå Deep sea survey-portalen, som blei lansert i juni 2025

Oppdrag: Utarbeide årlege anslag til departementet som del av arbeid med regjeringa sine plandokument, inkl. nasjonalbudsjett og revidert nasjonalbudsjett

Kvar haust leverer selskapa data til Sjøkeldirektoratet for revidert nasjonalbudsjett (RNB). Informasjonen dannar grunnlaget for ressursrekneskapa, inkludert produksjons-, kostnads- og utsleppsprognosar. Sjøkeldirektoratet systematiserer, kvalitetssikrar og analyserer dataa.

I februar leverte Sjøkeldirektoratet data og rapport for RNB 2025 til Energidepartementet, og oppdaterte prognosar for nasjonalbudsjettet 2026 (NB) blei sendt i juni. Sjå også eigen omtale av RNB-prosjektet i kapitlet «Digitaliseringsprogrammet».

Ressursrekneskapen

Ressursrekneskapen er Sokkeldirektoratet sin årlege, systematiske oversikt over alle petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel – både dei som allereie er produserte, dei som er oppdaga men ikkje vunne ut, og dei som enno ikkje er funne.

Oppdrag: Arbeide med å utvikle standardar og retningslinjer for innsamling og forvaltning av data frå nyare næringar som havbotnmineral og lagring av CO₂

I samband med at Northern Lights kom i gang med CO₂-lagring i august 2025, har direktoratet publisert mengd lagra CO₂. Det blir arbeidd med å definere og leggje til rette for innsamling og publisering av ytterlegare informasjon om lagringsressursar og aktivitet i alle leite- og utnyttingsløyve.

Dette inkluderer mellom anna innspel til revisjon av Lagringsforskriften og Dokumentasjonsforskriften og dialog med næringa om relevante data og effektiv rapportering. Her er det også bilateral dialog med styresmakter i andre land for utveksling av krav og praksis. Det blei i 2025 starta eit nytt IT-prosjekt for etablering av system for innsamling, forvaltning og publisering av data knytte til CO₂-lagring.

Sokkeldirektoratet bidrog i 2025 med innspel til havbotnmineralforskrifta (FOR-2025-08-29-1740), fastsett av Energidepartementet. Vidare fastsette direktoratet forskrift om datainnsamling for havbotnmineral (FOR-2025-09-01-1767). Forskrifta etablerer ei rekke krav til innsamling, rapportering og innsending av ressurs- og miljørelaterte data og prøver i samband med havbotnmineralverksemd på norsk sokkel.

Sokkeldirektoratet har sett i gang eit arbeid med å utarbeide rettleiarar for ei rekkje av desse krava, under dette krav til innsamlingsmetodar, rapporteringsformat m.v. Deler av arbeidet som involverer miljørelatert datainnsamling, blir koordinert med andre relevante fagstyresmakter, under dette Miljødirektoratet. Arbeidet vidare vil også involvere vurdering av endeleg fastsetjing av institusjon for mottak, lagring og konservering av biologiske prøver.

Delmål 4: Leggje til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen

Utviklinga av havbotnmineral kan på sikt bidra til styrka forsyningstryggleik og auka verdiskaping. Sokkeldirektoratet legg til rette for at undersøking og mogleg utvinning kan skje på ein ansvarleg måte, gjennom eit solid kunnskapsgrunnlag, brei kartlegging og tett samarbeid med fagmiljø og styresmakter.

Slik bidreg vi til at nye næringar kan vekse fram på kontinentalsokkelen på ein måte som varetek både miljø, samfunn og framtidig verdiskaping.

Oppdrag: Hjelpe, gi råd og leggje til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomst på kontinentalsokkelen.

Oppdrag: Hjelpe og gi råd til departementet i samband med utvikling av konsesjonsregimet og fastsette relevante forskrifter under havbotnminerallova, og i førebuinga til utlysing av første konsesjonsrunde.

Sokkeldirektoratet har fått i oppdrag å hjelpe og gi faglege råd til departementet i utviklinga av konsesjonsregimet og i utarbeidinga av relevante forskrifter under havbotnminerallova.

For å sikre eit forsvarleg, kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltningsgrunnlag har Sokkeldirektoratet bistått Energidepartementet med bakgrunnsinformasjon i deira forskriftsarbeid, samtidig som Sokkeldirektoratet sjølv har utvikla ei eiga forskrift som regulerer innsamling av data. Desse forskriftene som fokuserer på leitefasen legg dei nødvendige rammene for trygg, effektiv og transparent aktivitet i djuphavet. Gjennom dette arbeidet har Sokkeldirektoratet ein sentral rolle i å etablere struktur, standardar og kunnskapsgrunnlag for ein heilt ny næring på norsk sokkel.

Oppdrag: Kartleggje, vurdere og formidle kunnskap om ressurspotensialet for havbotnmineral, under dette samle inn, systematisere og tilgjengeleggjere relevante data. Samtidig skal det på tokta til direktoratet også samlast inn miljødata i opningsområdet i samarbeid med relevante fagmiljø, mellom anna universiteta i Bergen og Tromsø og etatane i Mareano.

I 2025 gjennomførte Sokkeldirektoratet tre kartleggingstokt i Norskehavet i område som er opna for mineralverksemd. To av tokta samla inn djupnedata (MBES) medan eit tokt utførde datainnhenting og videodokumentering med bruk av ROV (remotely operated vehicle).

Kartlegginga blei utført i samarbeid med UiT Norges arktiske universitet og Universitetet i Bergen. Djupnedata (MBES) med tilhøyrande gravimetri og magnetometri, og videodata er gjort allment tilgjengeleg. ROV toktet henta inn miljødata for Mareano-programmet og djupdata er og delt med Mareano.

Oppdrag: Gi Havforskningsinstituttet i oppdrag å kartleggje regionale og lokale straumforhold og styrkje kunnskapen om regionale og lokale havstraumar i ulike djup i Norskehavet og Grønlandshavet

Det følgjer av Meld. St. 25 (2022–2023) - Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane er at Havforskningsinstituttet skal gis i oppgåve i å kartlegge regionale og lokale straumtilhøve i djuphavet.

Sokkeldirektoratet har i 2025 inngått avtale med Havforskningsinstituttet (HI) om anskaffing av straummålarar og innsamling av data om djupe havstraumar. To straummålarar blei sett ut i Norskehavet av Sokkeldirektoratet og UiB i 2025, og det blir planlagt for å bli henta dei opp på tokt i 2026. HI har skaffa fleire straummålarar som skal setjast ut i 2026.

Delmål 5: Leggje til rette for sikker lagring av CO₂

Sikker lagring av CO₂ er ein nøkkelkomponent i Noreg sitt arbeid for å nå klimamåla og utvikle ei velfungerande verdikjede for karbonhandtering. Sokkeldirektoratet legg til rette for at lagringsprosjekt på norsk sokkel blir utvikla på ein ansvarleg, robust og kunnskapsbasert måte gjennom tett oppfølging av løyve, faglege råd til styresmaktene og koordinering på tvers av aktørar.

Slik bidreg direktoratet til at CO₂ kan lagrast trygt og effektivt, og at ei ny og viktig næring får eit solid fundament for vidare utvikling.

Oppdrag: Hjelpe og gi råd til departementet med arbeid innan injeksjon og lagring av CO₂, under dette ved utlysing og tildeling av areal og behandling av utbyggingsplanar


Sokkeldirektoratet følger opp nye og igangsette CO₂-lagringsprosjekt. Vi gir også faglege råd til Energidepartementet ved søknad om forslag til utlysing og ved tildeling av løyve. I 2025 blei det tildelt tre løyve etter forskrift om utnytting av undersjøiske reservoar for transport og lagring av CO₂ på kontinentalsokkelen. To av løyva blei tilbodne desember 2024, og tildelte i februar 2025. Det har vore ein konsesjonsrunde i 2025 med utlysing i mars og tildeling i juni.

Ved inngangen til 2026 er det 13 aktive løyve; eitt utnyttingsløyve og 12 leiteløyve.

Norske styresmakter har godkjent Northern Lights-prosjektet sin utbyggingsplan for fase 2. Denne planen legg opp til kommersiell lagring av minst 5 millionar tonn CO₂ per år. Her er det inngått avtalar med industrielle aktørar i inn- og utland.



CO2-løyve



nod1711 (x1632)

Figur 12: Oversikt over løyve for lagring av CO₂ på norsk kontinentalsokkel.

Oppdrag: Følgje opp rettshavarane og sjå til at regelverk og vilkår for tildelte løyve blir etterlevd

Sokkeldirektoratet følgjer opp studiane til rettshavarane og planlegging i alle leiteløyva, og i drift og vidareutvikling av Northern Lights. Direktoratet behandla samtykke til oppstart for Northern Lights. Etter å ha følgd utviklinga av prosjektet tett sidan tildeling av EL001 i 2019, er det svært gledeleg at mottak og injeksjon av CO₂ i august 2025 fungerte som planlagt.

Direktoratet deltek etter behov i komitemøte i løyve der det er fleire rettshavarar, etter same modell som petroleum. For løyva med berre ein rettshavar har det vore arrangert eigne møte med selskapet. På grunn av mindre framdrift i prosjekt for fangst av CO₂, har fleire søknader om utsetjing av tidsfristar i arbeidsforpliktingane vorte behandla. I 2025 blei det fatta to avgjerder om konkretisering (BOK), og direktoratet behandla ein søknad om oppgjeving av løyve (EXL008). Det blei bora tre leitebrønner, som alle stadfesta gode eigenskapar for CO₂-injeksjon i planlagde lagerformasjonar.

Direktoratet har hatt ein medarbeidar utstasjonert hos Gassco i 2025. Dette bidrog til ytterlegare innsikt i teknologi og verdikjeda for CO₂, og til god dialog og samarbeid for utvikling av ei ny næring.

Tabellen under viser status for frist for konseptval og plan for utbygging og drift til styresmaktene, i samsvar med arbeidsforpliktingar i dei aktive leiteløyva per 31.12.2025. Direktoratet arbeidde med utvikling av krav til dokumentasjon til styresmaktene i samband med selskapa sine avgjerder.

Tildeling	Letetillatelse	Beslutning om videreføring (konseptvalg)	Plan for utbygging og drift
2022	EXL002	2027	2028
2022	EXL003	2027	2029
2022	EXL004	2028	2029
2023	EXL005	2029	2030
2023	EXL006	2027	2028
2023	EXL007	2026	2027
2024	EXL009	2029	2030
2024	EXL010	2027	2028
2024	EXL011	2027	2028
2025	EXL012	2028	2029
2025	EXL013	2028	2029
2025	EXL014	2030	2031

Tabell 2: Fristar for konseptval og plan for utbygging og drift i aktive leiteløyve for lagring av CO₂.

Oppdrag: Formidle fakta og kunnskap om lagringspotensialet på norsk kontinentalsokkel

Direktoratet har eit stort aktivitetsnivå nasjonalt og internasjonalt innan formidling av fakta og kunnskap om lagringspotensialet for CO₂ på norsk kontinentalsokkel. Bidraget til direktoratet er generelt godt etterspurt. I 2025 har direktoratet vore bidragsytar til fleire anerkjende tekniske konferansar, m.a. arrangert av Tekna, NPF, Climit, EAGE, og Innovasjon Noreg.

I tillegg til representasjon i tekniske konferansar, deltok direktoratet også i fleire nasjonale og internasjonale forum, mellom anna med studentar gjennom Ungt Entreprenørskap i Stavanger til internasjonalt standardiseringsarbeid gjennom Standard Norge.

Norske styresmakter har faste observatørar i EUs ekspertgruppe for CO₂-lagring, der Sokkeldirektoratet også er medlem saman med representantar frå Energidepartementet, og Klima- og miljødirektoratet. På denne arenaen har Sokkeldirektoratet bidrege aktivt i fleire samanhengar, mellom anna om Noregs opne dataforvaltnings- og publiseringsprosessar.

Deling av data er ein avgjerande innsatsfaktor for å mogleggjere effektiv utvikling av CO₂-lager, og Europa ser gjerne til Noreg som eit føredøme i denne samanhengen.

Sokkeldirektoratet publiserte CO₂ lagringsatlas allereie i 2014, og no etablerer EU-kommisjonen eit felles lagringsatlas for EU-landa. Noreg er invitert av EU til å inkludere det norske atlaset i EU-atlasen, og direktoratet har tilrettelagt for dette.

Sokkeldirektoratet har gjennom 2025 etablert nære relasjonar til NSTA i Storbritannia og Energistyrelsen i Danmark i samband med utfordringar knytt til grenseoverskridande forhold. Trykkpulsar som kjem som eit resultat av CO₂-injeksjon har stor utbreiing, og Sokkeldirektoratet har hatt fleire møter om desse utfordringane med nabolanda våre om dette. Vi forventar framleis dialog om dette framover.

Sokkeldirektoratets [Faktasider](#) har i 2025 vorte oppdatert med eigne sider for CO₂-lagring. Her kan ein finne informasjon om kvart enkelt CO₂-løyve på same måte som ein er vand til for petroleum. I tillegg blir det offentleg publisert her kor mykje CO₂ som blir injisert i Northern Lights kvar månad.

Oppdrag: Foreslå korleis regelverk for CO₂-handtering kan utviklast og vidareutviklast

CO₂-lagring er ei ny næring på norsk sokkel, og det er nødvendig å gjere fortløpande vurderingar av om rammeverket er tilstrekkeleg tilpassa verksemda og styresmaktenes rolle. Sokkeldirektoratet har i 2025 gitt fleire innspel og kommentarar til Energidepartement sin pågåande revisjon av Forskrift om utnytting av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til lagring av CO₂ og om transport av CO₂ på kontinentalsokkelen (lagringsforskrifta).

I forlenginga av dette har direktoratet også identifisert behov for nye rapporteringsreglar som vil bli innarbeidd i Forskrift om materiale og dokumentasjon ved undersøking etter og utnytting av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til lagring av CO₂ (Forskrift om dokumentasjon ved lagring av CO₂ på sokkelen). Direktoratet har også sendt på høyring forslag til revisjon av Forskrift og dokumentasjon ved lagring av CO₂ på sokkelen.

Andre prioriterte tiltak og føringar for 2025

I tillegg til arbeid med delmåla og dei særskilde prioriteringane har Sokkeldirektoratet gjennomført ei rekkje viktige tiltak som støttar opp under ei heilskapleg, langsiktig og ansvarleg ressursforvaltning.

Gjennom innsats på tvers av tema som utslepp, kraft frå land, havvind, data, rettsprosessar og internasjonalt samarbeid bidreg Sokkeldirektoratet til betre avgjerdsgrunnlag for styresmaktene og auka samfunnsverdi.

Oppdrag: Hjelpe departementet i arbeidet med spørsmål knytte til utslepp frå sektoren, under dette ha oversikt over potensialet for utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda og tilhøyrande moglege konsekvensar for ressursforvaltninga

Sokkeldirektoratet følgjer arbeidet i utvinningsløyva med å redusere utslepp, til dømes kraft frå land til felta, og informerer departementet om dette arbeidet.

Direktoratet utarbeider også årlege utsleppsprognosar for departementet, mellom anna for CO₂, NO_x, metan, nm, VOC og produsert vatn. Sjå oppgåva «Utarbeide årlege anslag til departementet som del av arbeid med regjeringa sine plandokument, inkl. nasjonalbudsjett og revidert nasjonalbudsjett».

Oppdrag: Utarbeide eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om eventuelle framtidige kraft frå land-prosjekt, jf. omtale i Prop. 1 S (2024-2025) Energidepartementet

Å forsyne innretningar med kraft frå land er det viktigaste enkelttiltaket for å oppnå store utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda på norsk sokkel. Sokkeldirektoratet har i 2025 utarbeidd ein rapport som omhandlar utvikling av kraft frå land-prosjekt på felt i drift.

I perioden 2020-2025 har talet på felt som har eller har vedteke å ta i bruk kraft frå land auka. Når prosjekta som er under utbygging kjem i drift, vil det vere 39 felt som heilt eller delvis får dekt kraftbehovet frå land. Dette inkluderer også mindre felt tilknytt ertsinretningar som blir drivne med kraft frå land.

Rapporten omhandlar også kraft frå land-prosjekt i planleggingsfasen. Dei prosjekta som dei siste åra har vore i planleggingsfasen for omlegging til drift med kraft frå land, har vist seg å vere mindre lønnsame og meir krevjande å gjennomføre enn allereie vedtekne prosjekt. Fleire prosjekt er lagde bort som følgje av dette. Det er no berre eitt prosjekt som framleis er i planleggingsfasen, nemleg områdeløysinga på felta Balder og Grane.

Kvoteplikt og CO₂-avgift er i dag dei viktigaste verkemidla for å få ned klimagassutsleppa. Rapporten viser utviklinga av desse over tid, og at dei i dag utgjer ein stor del av eit felt sine driftskostnader. Slike høge kostnader kan påverke ressursforvaltninga, særleg på felt der moglegheitene for store utsleppskutt kan vere avgrensa. I rapporten blir det drøfta korleis høge CO₂-kostnader kan påverke framtidig bruk av felt som vertsinnetning, framskunde tidspunkt for nedstigning, påverke leiting og redusere lønnsmda av utvinningstiltak som inneber økt eller oppretthalden bruk av energi.

Oppdrag: Gi råd til departementet om forhold som gjeld undergrunn og botnforhold relatert til lokalisering av havvindinstallasjonar

Sokkeldirektoratet har i 2023 og 2024 samla inn geofysiske data som eit ledd i å leggje til rette for havvindinstallasjonar. I 2025 har Sokkeldirektoratet sett ut eit oppdrag med å re-prosessere seismiske data frå havvindområdet Sørlege Nordsjø II. Oppdraget omfattar mellom anna å skrive ein tolkingsrapport og samanlikne data på ein god og oversiktleg måte. Data og tolkingsrapporten vil vere til stor nytte for selskap som skal byggje ut havvindinstallasjonar i Sørlege Nordsjø II.

Oppdrag: Arbeide med å vidareutvikle direktoratet i eit fleirårig perspektiv slik at tilgjengelege ressursar blir utnytta mest mogleg effektivt. Direktoratet skal vurdere endra organisering og nye arbeidsmåtar, under dette bruk av ny teknologi.

Sokkeldirektoratet har i 2025 gjennomført ei omorganisering for å gjere organisasjonen meir mål- og ressurseffektiv. Sentrale tiltak er styrkt leiarkapasitet, klarare ansvar, fleksibel prosjektorganisering og satsing på digitalisering. Eit nytt hovudområde for forbetring og digital omstilling styrkjer arbeidet med datadriven utvikling, nye arbeidsformer og trygg, målretta bruk av kunstig intelligens i tråd med nasjonale digitaliseringsambisjonar.

Desse tiltaka støttar målet om at tilgjengelege ressursar skal nyttast mest mogleg effektivt og at direktoratet skal vere betre rusta for framtidens oppgåver. Sjå nærare omtale av omorganiseringa i kapittelet «*Implementere ny organisering med styrkt leiarkapasitet*».

Utforske kunstig intelligens

Sokkeldirektoratet utforskar aktivt korleis kunstig intelligens (KI) kan støtte rolla vår som fagdirektorat og forvaltar av store mengder sokkelrelaterte data. I 2025 har vi starta fleire initiativ for å forstå både moglegheiter og avgrensingar ved KI-teknologi, med særleg vekt på tryggleik, kvalitet og kontroll på data.

Arbeidet omfattar mellom anna vidare digitalisering av fysisk materiale og tiltak for å gjere datakjeldene våre meir strukturerte og tilgjengelege som grunnlag for framtidige KI-baserte analysar.

På tvers av organisasjonen er vi i gang med å byggje kompetanse og ei felles tilnærming til KI. Vi har utarbeidd interne retningslinjer for Ansvarleg bruk av KI, og alle medarbeidarar har fått tilgang til Copilot som digital assistent. Dette legg til

rette for at tilsette både kan effektivisere arbeidsprosessar og lære korleis KI kan brukast på ein trygg og medviten måte i kvardagen.

Vellukka bruk av KI-verktøy er avhengig av at data er standardiserte, komplette og konsistent strukturerte. Gjennom fleire tiår har Sokkeldirektoratet lagt nettopp dette grunnlaget gjennom sitt systematiske arbeid med datainnsamling, kvalitetssikring, standardisering og open deling.

Oppdrag: Vidareutvikle Sokkeldirektoratet sitt meldesystem for undersøkingar til å inkludere aktivitet som blir regulert under havbotnminerallova og havenergilova

Meldesystemet er Sokkeldirektoratet si digitale løysing for innmelding, behandling og deling av planar for geofysisk datainnsamling på norsk sokkel. Hovudmålet er å leggje til rette for god sameksistens mellom fiskeri- og petroleumsnæringa.

Meldesystemet for geofysiske undersøkingar blir restrukturert for å kunne handtere og formidle meir detaljert informasjon om undersøkingaktivitetane på sokkelen. Ombygginga er eit resultat av nye regelverk med strengare krav til innmelding, men har også samanheng med at dagens brukarar har etterspurt moglegheita for å gi eit meir nyansert bilete av aktivitetane, og dessutan større fleksibilitet i saksbehandlinga. Innspel frå dagens og framtidige brukarar er viktig i arbeidet med å lage spesifikasjon for eit system som skal handtere framtidige nye næringar utan større ombyggingar.

Oppdrag: Hjelpe departementet i samband med ulike rettsprosessar

Sokkeldirektorat gav i 2025 faglege råd til Energidepartementet knytt til rettstvistar der staten ved Energidepartementet har vorte saksøkt.

Digitaliseringsprogrammet

Sokkeldirektoratet har gjennom fleire år jobba målretta for å erstatte utdaterte datasystem med ny teknolog og leggje til rette for moderne digitale løysingar. Målet er å støtte opp om god ressursforvaltning og størst mogleg verdiskaping.

Utvikling av ny digital arkitektur gjer effektiv datautveksling og forbetra funksjonalitet mogleg. Dette arbeidet er godt forankra i samarbeid med operatørar på norsk sokkel, og blei vidareført i 2025 – mellom anna med lansering av ny RNB-løysing og nye dashbord for å hente ut data.

Digitaliserte RNB-data gir betre avgjerdsgrunnlag

Sokkeldirektoratet har ansvar for å samle inn, lagre og gjere tilgjengeleg data frå norsk sokkel.


Kvart år er det vår oppgåve å hente inn informasjon om prosjekt og ressursvolum, og dessutan prognosar for produksjon, kostnader og miljøutslepp frå operatørane. Vi kvalitetssikrar dataa, gjennomfører eigne vurderingar og lagar konsistente prognosar for produksjon, kostnader og utslepp. Dette arbeidet er ein viktig del av det reviderte nasjonalbudsjettet (RNB) som blir lagt fram i mai.

Saman med næringa går eit omfattande arbeid føre seg for å få på plass ei rapporteringsløysing for RNB-data. Det vil forenkle innsending frå rettshavarane og gi meir nøyaktige data. Til årets rapportering er dataa mottekne heilt digitalt. Denne løysinga blir endå meir utvikla og tilpassa i 2026.

Dette vil sikre meir einskapleg rapportering på tvers av selskapa framover fordi data som blir rapporterte til styresmaktene også blir delt mellom rettshavarane i utvinningsløyva og blir brukt aktivt i planlegging. Felles standardar og definisjonar aukar dataverdien og gir dermed betre avgjerdsgrunnlag.


Nye dashbord gjer det lettare å hente ut data

I løpet av året har Sokkeldirektoratet utarbeidd digitale dashbord som skal gjere det lettare å hente ut data om norsk sokkel. [Nøkkeltal](#) blei lagde ut på [sodir.no](#) før sommaren. Her kan interaktive dashbord enkelt hentast fram.



Figur 13: Sokkeldirektoratet sitt digitale dashbord med nøkkeltal for petroleumsvirksomhet på norsk sokkel

I Sokkeldirektoratet sitt dashbord er det enkel tilgang til [statistikk over leitebrønner og teknisk funnrate](#).



Figur 14: Leitebrønnstatistikk frå Sokkeldirektoratet sitt digitale dashbord

I haust blei eit [dashbord med oversikt over petroleumsressursane hos rettshavarane og reservar på norsk sokkel](#) lansert.

I tillegg til informasjon om petroleumsnæringa, blei [eit nytt interaktivt kart om djuphavsdata](#) lansert. Det gir ei oversikt over kartlegging og prøvetaking som er utført i djuphavet på norsk sokkel.

Dei nye dashborda kan bidra til auka openheit og betre forståing av verksemda på norsk sokkel. Dei er også viktige steg i retning av meir datadriven forvaltning.

Dataa er også tilgjengelege på [direktoratets Faktasider](#).

Internasjonale aktivitetar

Etter at Olje for utvikling (Ofu) blei avslutta i 2024 blei Sokkeldirektoratet sine bistandsoppgåver hovudsakleg flytta over til det nyoppretta Energi for utvikling (Efu). I 2025 har hovudoppgåva vore å etablere det nye energiprogrammet i landa Nigeria, Mozambique og Tanzania.

Hovudfokuset i programmet er utsleppskontroll og reduksjon frå petroleumssektoren. I tillegg blei det vedteke at CO₂-fangst og -lagring skal omfattast av Efu-programmet. Efu er i oppstartsfasen, og det blir diskutert om fleire tema bør inkludrast i programmet. Det er også tydelege grenseflater mot andre kunnskapsprogram der Sokkeldirektoratet ikkje er involvert. Varetaking av desse blir fortløpande vurdert.

Ressursmessig var det fram mot 2025 ei nedtrapping i Ofu-programmet og dermed redusert ressursbruk dei siste åra. Samanlikna med Ofu, er Efu programmet av mindre omfang. Sokkeldirektoratet tilpassar ressursbruken etter budsjettssignal frå NORAD, og er i tett dialog med bistandsland om behovet for teknisk assistanse. Vi legg opp til at ressursbruken for 2026 blir litt høgare enn i 2025. For 2026 har vi estimert at vi kjem til å bruke tre årsverk.

Sokkeldirektoratet arrangerte eit regionalt seminar i Uganda om energitransformasjon innanfor ramma av Efu. Det var deltakarar til stades frå fem afrikanske land.

I tillegg til arbeidet med Efu bidreg Sokkeldirektoratet i arbeidet med Hav for utvikling. Sokkeldirektoratet arrangerer årlege arbeidsseminar for å halde oppe den tekniske og juridiske kompetansen til sju vestafrikanske statar om kontinentalsokkelen, knytte til innlevert felles yttergrensekrav til Commission of the Limits of the Continental Shelf (CLCS).

Sokkeldirektoratet er ei ettertrakta kjelde til kunnskap om forvaltning av ressursar. I løpet av 2025 fekk direktoratet delegasjonar frå Oman, Malaysia, Algerie, Namibia, Uruguay, Peru og Senegal som ønskte å lære meir om forvaltning av ressursar i Noreg.

Rammeavtale Norad	Timar	Årsverk
Efu Nigeria	1 282	0,8
Efu Mosambik	804	0,5
Efu Tanzania	1 252	0,8
Hfu Kontinentalsokkelinitiativet, Vest-Afrika	472	0,3
Totalt	3 810	2,4

Tabell 3: Ressursbruk til bistand i 2025

Styring og kontroll i verksemda

Sokkeldirektoratet nyttar mål- og resultatstyring som styringsprinsipp. Gjennom styringsdialogen gir direktoratet innspel til Energidepartementet om mål, prioriteringar og styringsparametrar. Vi følgjer også opp forhold som gjeld vesentleg risiko knytt til direktoratet si verksemd.

Målet vårt er å følgje opp rammeverket for økonomi- og verksemdsstyring på ein enkel og effektiv måte. Vi leverer årsrapport, årleg risiko- og vesentlegheitsvurdering og rapportar relaterte til statsrekneskapen.

Vår vurdering av status for styring og kontroll i direktoratet er at system, rutinar og prosessar fungerer godt. Vi oppnår fastsette mål for oppdraget vårt, samtidig som vi er opptekne av effektiv ressursbruk. Vi arbeider kontinuerleg for å bli endå betre, og har gjennomført vurderingar og tiltak for å sikre at risiko kan reduserast til eit akseptabelt nivå.

Risikostyring

Sokkeldirektoratet gjennomfører årleg overordna risikovurderingar for å kartlegge og handtere faktorar som kan ha negativ påverking på måloppnåinga. Mot slutten av 2024 gjennomførte vi ei kartlegging for 2025.

Etter vår vurdering var det størst risiko knytt til utdatert datateknologi og dessutan manuelle prosessar og høg avhengnad til enkeltpersonar i dataforvaltninga til direktoratet. Dette gjer at datasystema til direktoratet er eksponerte for risiko knytt til drift og oppetid, og reduserer moglegheita for tilpassingar til nye behov og tenester. Det fremste risikoreduserande tiltaket på dette området var å halde fram arbeidet med digitaliseringsprogrammet til direktoratet, jf. omtale under kapittelet «Digitaliseringsprogrammet».

Vidare blei det identifisert vesentleg risiko for manglande kapasitet og kompetanse til å sikre at alle viktige ressurs- og verdimesige moglegheiter blir varetekne. Sokkeldirektoratet opplever aukande arbeidsmengd knytt til eit rekordhøgt tal felt i drift og veksande kompleksitet på sokkelen. Samtidig har driftsbudsjettet til direktoratet auka mindre enn prisveksten i dei siste åra.

Dette er forhold som utfordrar kapasiteten til direktoratet og kan føre til tap av ressursar og verdiar dersom dei ikkje blir handterte. Risikoreduserande tiltak på dette området var særleg retta inn mot spissa prioritering av arbeidet med pådriv overfor industrien og dessutan forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar.

Tiltaka for å redusere risiko blei kopla opp mot årets verksemdsplan og følgt opp gjennom året. Etter oppfatninga til direktoratet ville gjenverande risiko etter tiltak vere på eit akseptabelt nivå i 2025, med unntak av området datateknologi. På dette feltet er etterslepet så stort at det vil ta fleire år å redusere risikoen vesentleg.

Internkontroll

Sokkeldirektoratet har dei siste åra styrkt og systematisert andrelina i internkontrollen. Vi har etablert ein eigen funksjon i stabseininga som følger opp internkontrollen som skjer i førstelina gjennom eit årleg arbeidsprogram med evalueringar og kontrollaktivitetar.

Leiinga får rapportar med konklusjonar og tilrådingar til oppfølging og forbetringar, og ein rapport som beskriv samla status.

Oppfølging sektoravgift

I statsbudsjettet for 2025 blei det innført ei sektoravgift under Sokkeldirektoratet. Avgifta skal dekkje delar av kostnadene direktoratet har til digitalisering og forvaltning av data frå petroleumsverksemda, inkludert tenesteleveransar til næringa. Sjå nærare omtale av dette i kapitla «Vere eit nasjonalt sokkelbibliotek (...)» og «Digitaliseringsprogrammet». Avgifta dekkjer også delar av kostnadene til fellestiltak som er retta mot heile petroleumsnæringa, og som bidreg til å forenkle og effektivisere arbeidsoppgåver i selskapa.

Forventa verknader av sektoravgifta er større fart og omfang på digitaliseringsprosjekt som vil gi auka bruk, deling og analyse av data frå norsk kontinentalsokkel. Dette vil forsterke effektiviserings- og kostnadsgevinstar for næringa, og gi auka moglegheit for nye funn.

Sektoravgifta skal ikkje overstige dei faktiske kostnadene direktoratet har til dei formåla som avgifta skal dekkje. Direktoratet har gjort tilpassingar i økonomisystemet og rekneskapsføringa for å sikre god oversikt over relevante kostnader, for slik å legge grunnlag for eit korrekt avgiftsnivå.

Sjå også eiga oversikt i kapittel 5, Årsrekneskap over grunnlaget for fakturering av sektoravgift for 2025.

Innføring av SRS

Frå 1. januar 2025 fører direktoratet rekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). Tidlegare har rekneskapa vore ført etter kontantprinsippet – som har vore vanleg i statlege verksemder – der inntekter og utgifter blir bokførte på betalingstidspunktet. Innføring av SRS inneber overgang til periodisert rekneskap, der inntekter og kostnader blir bokførte i den perioden dei høyrer heime i staden for på betalingstidspunktet. I tillegg blir rekneskapa utvida med ei balanseoppstilling som viser egedelar, gjeld og kapitalen til staten i verksemda.

Bruk av SRS gir eit meir presist og komplett rekneskap enn direktoratet har hatt tidlegare, og dessutan tilgang til ny styringsinformasjon. Etter vurderinga frå direktoratet kan SRS gi spesielt stor nytte knytt til styring av prosjekt, der periodisert rekneskap kan bidra med viktig informasjon om framdrift. Det vil

likevel ta noko tid å hente ut effekt av SRS. I 2025 har direktoratet først og fremst arbeid med innføringa av periodisert rekneskap og etablering av gode driftsrutinar.

Sjå del 6 Årsrekneskap for oppstilling av årsrekneskapen for 2025 etter SRS.

Bemanning, kapasitet og kompetanse

Ved utgangen av 2025 var vi 203 tilsette. Det blei tilsett 20 medarbeidarar, av desse var 1 mellombels. 14 medarbeidarar slutta, av desse gjekk 12 av med pensjon.

Sokkeldirektoratet har vore opptatt av å styrke både kapasitet og kompetanse for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter i samsvar med tildelingsbrev og strategiske mål.

Vi sikrar tilstrekkeleg kapasitet og rett kompetanse gjennom strategisk rekruttering, intern ressursstyring og kompetanseutvikling. Kompetanse- og kapasitetsbehov blir kartlagt i gap-analysar, og vi har starta arbeidet med ny kompetansestrategi. Vidare jobbar vi kontinuerleg med forbetring og effektivisering av arbeidsprosessar for å bidra til auka kapasitet.

Arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering

I samsvar med likestillings- og diskrimineringsloven § 26 blir det her gjort greie for to hovudtema:

1. Den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling, under dette
 - kjønnsbalanse totalt
 - del av kvart kjønn som har mellombels tilsetjing
 - del av kvart kjønn som arbeider deltid
 - sjukefråværsprosent for kvart kjønn (Legemeldt sjukefråvær)
 - ufrivillig deltid blant kvinner og menn
2. Kva er gjort for å oppfylle aktivitetssplikta

Faktisk tilstand for kjønnslikestilling

Kjønnsbalanse	Totalt	Talet på kvinner	Talet på menn	Del kvinner	Del menn	Merknad
Tilsette	203	100	103	49 %	51 %	Del tilsette av kvart kjønn
Mellombels tilsette	1	1	0	1 %	0 %	Del av kvart kjønn som har mellombels tilsetjing
Deltidstilsette*	22	14	8	14 %	7,4 %	Del av kvart kjønn som arbeider deltid. *Alle tilsette i redusert stilling (under 100%) – utenom foreldrepermisjon

Foreldre- permisjon	8	6	2	75 %	25 %	Del av uttak foreldrepermisjon fordelt på kjønn
	-	-	-	6 %	1,94 %	Del av uttak foreldrepermisjon for kvart kjønn
Legemeldt sjukefråvær	1,8 %	-	-	4,1 %	1,9 %	Sjukefråværsprosent for kvart kjønn.

Tabell 4: Faktisk tilstand for kjønnslikestilling

Stillingstittel	Menn	Kvinner	Lønnsbalanse - kvinnerens lønn i prosent av menns lønn
Direktør	50 %	50 %	97,4 %
Sjefingeniør	52 %	48 %	93,6 %
Overingeniør	71 %	29 %	102,6 %
Rådgjevar	25 %	75 %	95,2 %
Førstekonsulent	60 %	40 %	109,3 %
Totalt	51 %	49 %	95,2 %

Tabell 5: Kjønnfordeling på ulike stillingsnivå

Vi kartlegg kvart år kjønnsbalansen i verksemda, jf. tabellane over. 49 pst. av dei tilsette er kvinner og 51 pst. er menn.

Delen mellombels tilsette er svært låg, og det er ingen ufrivillige deltidstillingar.

Ordninga for foreldrepermisjon har blitt nytta av 6 pst. av kvinnene og 1,94 pst. av mennene.

Legemeldt sjukefråvær er totalt 1,8 pst; 4,1 pst. for kvinner og 1,9 pst. for menn.

Kva er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

Sokkeldirektoratet ønskjer å vere ein inkluderande arbeidsplass, og vi arbeider aktivt og systematisk for å fremje likestilling og motverke diskriminering i tråd med likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Dette er ein integrert del av personalpolitikken vår og gjeld alle tilsette, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, andre forhold eller kombinasjonar av desse grunnlaga.

For å avdekkje eventuelle utfordringar knytte til likestilling eller diskriminering vurderer vi risiko for diskriminering innan område som rekruttering, lønn, forfremjing, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og balanse mellom arbeid og familieliv. Ved behov blir tiltak sette i verk for å motverke uønskete forskjellar.

Vi har utvikla ein handlingsplan som vi reviderer årleg og oppdaterer etter behov.

Vi utarbeider årlege lønnsanalyser og går gjennom relevant lønnsstatistikk. I samband med lønnsoppgjær har vi særleg merksemd på kjønn og eventuelle lønnsgap. Dette har vi også hatt i samband med lønnsoppgjær 2025.

Det er lagt til rette for å kunne fange opp moglege kritikkverdige forhold knytt til diskriminering i medarbeidar- og oppfølgingssamtalar. Vi har ei eiga retningslinje for handtering av konflikhtar, mobbing, trakassering og varsling.

Vi har ein livsfaseorientert personalpolitikk som skal vareta og leggje til rette for medarbeidarar i ulike fasar i livet.

Arbeidstakarorganisasjonane og leiing blir involvert og informert i prosess og arbeid med ARP gjennom året.

Vi følgjer opp arbeidet med likestilling og inkludering fortløpande, og vil halde fram med å utvikle dette arbeidet framover.

Inkluderingsarbeid og fellesføringar – tilsettingar av personar med funksjonsnedsettingar og/eller hol i CV

Statlege verksemdar skal ha ei positiv utvikling i talet på tilsettingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Sokkeldirektoratet arbeider aktivt med dette som ein del av IA- og HMS-arbeidet, både gjennom intern rapportering og rekruttering. Arbeidsgivar har i samarbeid

med tillitsvalde definert ambisjonsnivå med utgangspunkt i eigenarten og storleiken på verksemda. I alle stillingsutlysingar blir det vist til Statens arbeidsgivarportal sin informasjon om positiv særbehandling i Staten.

I løpet av 2025 var det ingen kvalifiserte søkarar med oppgitt funksjonsnedsetjing som krev tilrettelegging.

Det var ingen kvalifiserte personar med fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Vi hadde derfor ingen tilsette med hol i CV i 2025.

Lærlingar


Vi tok ikkje inn nye lærlingar i 2025, som følgje av kapasitetsutfordringar og mangel på eigna oppgåver.

Dei siste 5 åra har Sokkeldirektoratet teke inn 7 lærlingar.

Vi har tilrettelagt for studentar i praksis og har nedfelt i retningslinjene våre at vi kan ta inn studentar for obligatorisk praksis ved masterutdanning. Ordninga gjeld for studentar frå norske utdanningsinstitusjonar der praksis er påkravd.

Bruk av konsulenttenester

Sokkeldirektoratet leiger inn konsulentar der det krevst kompetanse som det ikkje er formålstenleg for direktoratet å halde hos egne tilsette. I 2025 brukte direktoratet om lag 57 mill. kroner på kjøp av konsulenttenester. Av dette gjekk om lag 45,8 mill. kroner til IT-konsulentar, under dette 25,6 mill. kroner til IT-drift og 20,2 mill. kroner til IT-utvikling.




Figur 15: Kjøp av konsulenttenester i 2025 (mill. kroner)

Vidare blei det brukt om lag 6,7 mill. kroner på ulike konsulentar innanfor andre fagområde. Dette gjeld hovudsakleg innleige i samband med spesifikke prosjekt som krev ein spisskompetanse som direktoratet ikkje har sjølv.

Om lag 4 mill. kroner er brukte på konsulenttenester til kompetanse- og organisasjonsutvikling, og rundt 0,4 mill. kroner er brukte på kommunikasjonstenester.

Sokkeldirektoratet har redusert konsulentbruken dei siste åra. I 2025 utgjorde kjøp av konsulenttenester om lag 9 pst. av totale driftsutgifter.



Figur 16: Kjøp av konsulenttenester som prosentvis del av driftsutgifter

Styrking av innkjøpsfunksjonen

Direktoratet har styrkt innkjøpsfunksjonen ved å tilsette ein dedikert innkjøpsrådgivar. Rådgivaren inngår i ei etablert innkjøpsgruppe som har juridisk og økonomisk kompetanse. Målet med gruppa er å sikre solid innkjøpsfagleg kapasitet som bidreg til målretta og fagleg gode anskaffingar for direktoratet.

Effektiv ressursbruk gjennom forbetring og fornying

Fleire utvinningsløyve, eit meir samansett aktørbilete og fleire aktørar på sokkelen og i havområda gjer at arbeidet med ressursforvaltning blir stadig meir omfattande og krevjande. For å kunne handtere denne utviklinga på ein god måte er direktoratet oppteke av å arbeide kontinuerleg med å effektivisere og forbetre produktiviteten.

Eit viktig verkemiddel i dette arbeidet er digitalisering av arbeidsprosessar. Sokkeldirektoratet sitt digitaliseringsprogram er den største satsinga innanfor utviklingsarbeidet. Arbeidet starta i 2017 og går over fleire år. Sjå nærare omtale i kapittelet «Digitaliseringsprogrammet». Direktoratet styrer og gjennomfører alle digitaliseringsprosjekt i tråd med ein prosjektmodell basert på Digitaliseringsdirektoratets prosjektvegvisar, der målet er å realisere gevinstar i alle fasar.

I 2025 har Sokkeldirektoratet gjennomført ei omorganisering for å gjere organisasjonen meir mål- og ressurseffektiv. Sentrale tiltak er styrkt leiarkapasitet, klarare ansvar, fleksibel prosjektorganisering og satsing på

digitalisering. Sjå nærare omtale i kapitla «Implementere ny organisering med styrkt leiarkapasitet» og «Arbeide med å vidareutvikle direktoratet i eit fleirårig perspektiv slik at tilgjengelege ressursar blir utnytta mest mogleg effektivt. (...)»

Tryggleik og beredskap

Tryggleiks- og beredskapsarbeidet er sentralt for at Sokkeldirektoratet skal løyse samfunnsoppdraget sitt. Den vedvarande tryggingpolitiske situasjonen og eit skjerpaa trusselbilete mot energisektoren gjer at tryggleik og beredskap er høgt på dagsordenen.

Direktoratet har samordna arbeidet med heilskapleg tryggingstyring ved å leggje ansvar for tryggleik og beredskap i same organisatoriske stab (Kommunikasjon, tryggleik og beredskap). Dette tydeleggjer direktoratet si rolle i tryggingarbeidet nasjonalt og internt. Direktoratet samarbeider med andre etatar og deltek i fleire samarbeidsforum om nasjonal tryggleik og beredskap.

Beredskap

Sokkeldirektoratet har oppdatert det overordna beredskapsplanverket.

Planverket har fått ein struktur som set beredskapsorganisasjonen i stand til å handtere hendingar meir effektivt og samordna. Det er gjennomført fire øvingar i løpet av året. To av desse har omhandla IT-tryggingshendingar. Øvingane gav nyttige innspel til revisjon av planverk, og har bidrege til innsikt i handtering av hendingar og auka rolleforståing internt i organisasjonen.

Nasjonal tryggleik og forsyningsberedskap

Sokkeldirektoratet har vore med på eksterne samarbeidsfora knytte til nasjonal tryggleik og forsyningstryggleik. I samråd med andre relevante styresmaktsorgan følgjer direktoratet opp det gjeldande trussel- og risikobiletet og bidreg til eit best mogleg samla og forstått situasjonsbilete innan energisektoren. Som eit ledd i dette har direktoratet vore med på Sentralt totalforsvarsforum, Etatsforum for totalforsvaret, Maritimt tryggingforum og møte med tryggingstyresmakter.

Direktoratet har saman med Havindustritilsynet (Havtil) dialog med Gassco om den tryggingpolitiske situasjonen og hendingar på sokkelen. Ein beredskapsavtale som direktoratet har med Havtil har i løpet av perioden blitt oppdatert til å passe gjeldande behov og trusselbilete. Som ein del av avtalen blir det halde jamlege møte med Havtil om tryggleik og beredskap.

Sokkeldirektoratet har ansvar for å handtere varslingar og rapporteringar av hendingar ved utslepp, store skadar og andre forhold som medfører stans eller reduksjon i produksjonen, eller som påverkar gjennomføring av aktivitetar på sokkelen. Statistikken viser ein reduksjon i talet på hendingar på 26 pst. frå 2024 til 2025. Det er særleg rapportert færre hendingar knytte til utslepp til sjø, prosess og kompressorsvikt, medan talet på hendingar relaterte til planlagt vedlikehald og straumsvikt har hatt ein markant auke frå 2024 til 2025.

Tryggleiksstyring

Direktoratet baserer det førebyggjande tryggingsarbeidet på nasjonale trusselvurderingar, lovar og anerkjende standardar. Direktoratet har dialog med departementet om risikobiletet og vesentlege forhold som påverkar tryggleiken.

Det har vorte stadig viktigare å verne data- og informasjonsverdiane til direktoratet, og vi har sett i verk fleire sikringstiltak innanfor områda digital tryggleik, personelltryggleik og fysisk tryggleik. Det er likevel framleis eit behov for å få ei meir heilskapleg forståing av verdiar, sårbarheiter og truslar. Direktoratet har sett i gang eit prosjekt for å etablere eit heilskapleg verdi- og risikobilete.

Gjennomgangen til leiinga

Tryggleik og beredskap er gjenstand for årleg gjennomgang i leiinga. For å styrkje kontinuitet i det førebyggjande tryggingsarbeidet er det vedteke at det framover skal vere halvårleg status. Prioriterte tiltak frå gjennomgangen til leiinga blir følgt opp i eigen handlingsplan.

Kontrollaktivitetar

Direktoratet har gjennomført interne og eksterne kontrollaktivitetar for å sjekke at iverksette tiltak verkar etter hensikt, avdekkje gap og behov for ytterlegare sikring. Det er utført inntrengingstest av bygg og inngangskontroll. Funn frå testen dannar grunnlag for vidare arbeid med fysisk sikring.

Tryggingskultur

Direktoratet jobbar kontinuerleg med tryggingskultur og opplæring. I 2025 har direktoratet retta særskilt søkjelys på heilskapleg tryggleik og beredskap. Dette er reflektert i årshjulet for tryggingsopplæringa, mellom anna gjennom følgjande aktivitetar:

- tryggingsmånad med tema «beredskap»
- intern spørjeundersøking for tryggingskultur
- phishingkampanjar til alle tilsette og konsulentar
- temamøte
- tryggingssamtalar

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Sokkeldirektoratet har ein eigen handlingsplan for miljøleiing. Denne inneheld mellom anna ei beskriving av miljøleiingssystemet vårt, inkludert policy, tiltak og rapportering. Det er definert fire innsatsområde: transport, avfall, energi og innkjøp. Styringssystemet varetek mellom anna vurderingar av eigen energibruk, inkludert kva fleksibilitet vi har med tanke på bruk av energieffektive og fleksible løysingar.

Vi har vurdert at klimaendringar ikkje vil påverke vår evne til å gjennomføre oppgåvene våre i overskødeleg framtid.

Utsikter framover

Målet om størst mogleg verdiskaping har lege fast meir eller mindre sidan direktoratet blei etablert, men tilpassa til at ny aktivitet og moglege nye næringar kan bli etablerte på sokkelen. Framtidsutsiktene og aktiviteten til Sokkeldirektoratet blir påverka av utviklinga i energimarknadene, investeringsviljen i industrien, teknologisk utvikling og endringar i rammevilkår nasjonalt og internasjonalt. Fleire forhold – både innanfor og utanfor verksemda – vil vere avgjerande for vår evne til å løyse samfunnsoppdraget på lang sikt.

Utsikter for norsk sokkel fram mot 2050

Hovudmålet i petroleumspolitikken er å legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Prognosane for produksjonen etter 2030 er usikre. Sokkeldirektoratet har derfor utarbeidd tre moglegeheitsbilete for samla norsk olje- og gassproduksjon fram mot 2050. Alle desse framtidsbileta peikar mot ein gradvis nedgang i produksjonen i åra framover.

Samstundes tyder alt på at Europa og Storbritannia vil trenge stabile leveransar av gass i lang tid framover. I dag kjem om lag 30 prosent av gassen desse landa brukar frå norsk sokkel. I lys av den geopolitiske situasjonen er norsk gass attraktiv. Når den i tillegg har låge kostnader og låge klimautslepp frå produksjon og transport, samanlikna med tilgjengelege alternativ, blir norsk gass sær konkurransedyktig. Styresmaktene si vurdering er følgeleg at norsk sokkel ikkje er markedsavgrensa, men ressursavgrensa. Det er derfor avgjerande at ressursane på sokkelen blir leita etter, utvikla og produsert.

Store ressursar igjen på sokkelen

Ressursrekneskapan som Sokkeldirektoratet fører viser at det framleis er store ressursar igjen på norsk sokkel. Å halde oversikt over ressursgrunnlaget på sokkelen er ei av dei sentrale oppgåvene som direktoratet har. Dette er ikkje minst viktig i lys av den geopolitiske utviklinga.

For ressursar som ennå ikkje er påvist gjennom funn gir arbeidet vårt med kartlegging, leitemodellanalysar og ressursvurderingar eit viktig kunnskapsgrunnlag for våre råd til Energidepartementet i samband med utforming av leitepolitikken. I tillegg gir det eit viktig faktabidrag til industrien. Eit langsiktig perspektiv er særleg viktig i umodne område, der våre vurderingar kan belyse moglegheiter som industrien elles ikkje prioriterer å undersøkje.

Direktoratet vil halde fram med å gi råd om aktuelle leiteareal i TFO-rundar og vi vil gjere petroleumsfaglege vurderingar av korleis arealtilgang og konsesjonsrundar kan bidra til å oppnå hovudmålet i petroleumspolitikken.

Det er påviste ressursar i mange felt, og i over 90 funn. Direktoratet vil vere ein pådrivar for at næringa skal modne fram og utvikle alle lønnsame påviste ressursar på sokkelen. Når påviste ressursar i større grad er til stades i mindre funn, eller funn med komplekse reservoar, blir det meir nødvendig enn nokon gong for aktørane på sokkelen å arbeide for å redusere kostnadane i utviklingsprosjekt. Dette kan mellom anna gjerast gjennom å utvikle og ta i bruk ny teknologi. Samstundes vil det krevje at aktørane delar erfaringar og samarbeider om å utvikle gode løysingar, både i utbyggings- og driftsfasen.

Områdeforståing og koordinering av utvikling

God områdeforståing og heilskapleg forståing av infrastrukturen på sokkelen blir viktig for å sikre at både leiting og utbygging av funn skjer til rett tid og blir knytt opp til den infrastrukturen som gir størst verdi for samfunnet.

Direktoratet vil legge vekt på dialog med selskapa slik at det blir gjort heilskaplege samfunnsøkonomiske vurderingar av utbyggingsplanar. Dette inkluderer vurdering av framtidige tiltak og potensial, og løysingar på tvers av løyve og innretningar. Direktoratet vil vidare gjennomføre eigne analysar av område der insentivstrukturen i industrien kan gi risiko for marknadssvikt, og foreslå tiltak eller vilkår for å korrigere slike utfordringar der det er formålstenleg.

Forvaltning av CO₂-lagring

Direktoratet ventar at aktiviteten innan CO₂-lagring held fram, og vi vil bidra til ei effektiv forvaltning i samarbeid med Energidepartementet. Framover blir det særleg viktig å vidareutvikle forståinga av reservoar- og trykkforhold.

I dette arbeidet vil vi styrke det internasjonale samarbeidet med land vi deler grense med, sidan trykkforhold kan gå på tvers av landegrensene. Internasjonalt samarbeid er og viktig for gjensidig læring og kunnskapsutveksling.

Bygge kunnskap om mineral på havbotn

Sokkeldirektoratet er fagetat for forvaltninga av mineral på havbotn, og vil framover vidareutvikle fagkunnskapen i direktoratet i samarbeid med akademiske institusjonar.

Innsamling av data vil skje basert på tildelte midlar til dette. Det vil sette direktoratet i stand til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget slik at vi er godt skodde for å gi råd knytt til denne aktiviteten også i framtida.

Styrke faktaformidlinga

Direktoratet vil styrke faktaformidlinga for å bidra til eit kunnskapsbasert avgjerdsgrunnlag hos styresmaktene og i industrien. Vi vil vere ein påliteleg formidlar av fakta om verksemda og utviklinga på sokkelen. Dette er viktig for å nå hovudmåla våre og for tilliten til forvaltninga av ressursane.

Digital omstilling

Sokkeldirektoratet står midt i eit større digitaliseringsløft som skal gi meir effektiv saksbehandling, betre dataflyt mellom næring og styresmakter og betre tilgang til data og analysar for industrien.

Industrien har rapportert at verdien av data og informasjon frå direktoratet er stor, men har uttrykt uro for at direktoratet kan komme til å henge etter i utviklinga av den digitale infrastrukturen. Dei har også uttrykt uro for om kompetansen og kapasiteten til direktoratet kan bli ein flaskehals. Ei vellukka digital omstilling er derfor ein sentral del av den strategiske utviklinga til direktoratet for å møte framtidige krav og forventningar.

Sektoravgift

Innføring av ei sektoravgift gir Sokkeldirektoratet meir føreseieleg finansiering for verksemda, og legg til rette for langsiktig planlegging. Dette er særleg viktig for å lykkast med den digitale omstillinga, der det krevst betydelege investeringar over fleire år. Det hjelper oss og til å halde oppe kompetanse og kapasitet innan ressursforvaltninga.

Rekruttering og kompetanse

Direktoratet er inne i ein aktiv rekrutteringsfase og kan igjen bemanne på eit nivå tilsvarande tidlegare år. Samtidig må verksemda sikre kompetansefornyning i lys av forventa pensjonsavgangar dei kommande åra. Stabil tilgang på kompetent arbeidskraft er ein nøkkelfaktor for evna direktoratet har til å løyse samfunnsoppdraget framover.

Rekruttering og kompetanse

Direktoratet er inne i ein aktiv rekrutteringsfase og kan igjen bemanne på eit nivå tilsvarande tidlegare år. Samtidig må verksemda sikre kompetansefornyning i lys av forventa pensjonsavgangar dei kommande åra. Stabil tilgang på kompetent arbeidskraft er ein nøkkelfaktor for evna direktoratet har til å løyse samfunnsoppdraget framover.

Årsrekneskap

Kommentar frå etatsleiar

Sokkeldirektoratet er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med periodiseringsprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk kontinentalsokkel, og utøver forvaltningsstyresmakt i samband med tildeling av areal, leiting etter og utvinning av petroleumsførekomstar. Direktoratet skal vidare bidra til forvaltninga av CO₂-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen og forvaltninga av mineralressursar på havbotnen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Energidepartementet i hovudinstruks for Sokkeldirektoratet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av Sokkeldirektoratet sine disponible løyvingar, og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld. Revisjonsrapport frå Riksrevisjonen skal publiserast på Sokkeldirektoratet sine nettsider innan 1. mai og saman med årsrapporten. Dersom revisjonsrapporten ikkje ligg føre innan denne fristen, skal rapporten publiserast så snart han ligg føre.

Vurdering av vesentlege forhold

Kontantrekneskapen

Sokkeldirektoratet har i 2025 disponert 686 835 000 kroner.

På kapittel 1810 post 01 Driftsutgifter blei det ei mindreutgift på 18 475 395 kroner. Mindreutgifta kjem av prosjekt, investeringar og andre aktivitetar som er igangsett, men ikkje fullførte i 2025. Dette er hovudsakleg aktivitetar som blir finansierte av sektoravgifta, som først blei endeleg avklart like før sommaren. Dette medførte at aktivitetane blei sette i gang relativt seint på året og ikkje blei ferdigstilte før årets slutt. Gjenverande midlar blir søkte overført til 2026, jf. berekningar i note B i løyvingrapporteringa.

På kapittel 1810 post 21 Spesielle driftsutgifter er det ei mindreutgift på 60 163 606 kroner. Dette kjem av mindreutgifter innanfor digitalisering, havbotnsmineraler og undersøkingar. Innanfor digitalisering kjem mindreutgifta til dels av påløpte, men ikkje betalte kostnader og dels av aktivitetar som er påbyrja, men ikkje fullført i 2025. Innanfor havbotnmineral er mindreutgifta om lag 40 mill. kroner. Av dette blir 23 mill. kroner overførte til neste år for å finansiere kartleggingsavtalar inngått i 2025 som blir gjennomførte i 2026. Dei resterande 17 mill. kronene gjeld innkjøp av havstraumsmålarar som det er

inngått avtale om i 2025 og som blir leverte og betalte i 2026. Innanfor undersøkingar er det fleire prosjekt som er påbyrja, men ikkje ferdigstilte i 2025. Gjenverande midlar blir søkt overførte til 2026, jf. berekningar i note B.

På kapittel 1810 post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, er det ei mindreutgift på 1 166 117 kroner. Dette kjem av lågare aktivitet enn budsjettert. Alle utgifter på denne posten blir dekte av inntekter, men på grunn av faseforskyving mellom utgifter og tilhøyrande inntekt, er det i rekneskapsåret 2025 ikkje ei tilsvarande mindreinntekt.

Mellomverande med statskassa utgjorde ved årsslutt -52 792 540 kroner. Dette er ein auke på 2 704 337 kroner.

Verksemdsrekneskapen

Resultatrekneskap

Samla driftsinntekter for året utgjorde 607,9 mill. kroner. Av dette var 535,6 mill. kroner inntekt frå løyving. Gebyrinntekter utgjorde 25 mill. kroner og stammar hovudsakleg frå tilsynsverksemd og gebyr i samband med TFO. Sals- og leigeinntekter utgjorde 47,2 mill. kroner og gjeld hovudsakleg aktiviteten til direktoratet innanfor Diskos, Force og bistandsverksemd under samarbeidet med Norad.

Samla driftskostnader i 2025 var 607,9 mill. kroner. Av dette var 266,3 mill. kroner lønnskostnader og 41,8 mill. kroner varekostnader. Avskrivningar utgjorde 15 mill. kroner. Av dette gjaldt 10,9 mill. kroner avskrivningar av immaterielle eigedelar. Andre driftskostnader utgjer 284,6 mill. kroner og omfattar større postar som leige av lokale, drift og utvikling av IT-løysingar og kjøp av tenester i samband med kartleggings- og undersøkingssverksemd på sokkelen.

Innkrevjing av CO₂-avgift, arealavgift og sektoravgift utgjorde nesten 9,2 milliardar kroner i 2025.

Balanse

I 2025 har Sökkeldirektoratet sin balanse auka med 30,3 mill. kroner til 157,2 mill. kroner per 31. desember.

På eigedelssida er 24,9 mill. kroner av auken knytt til immaterielle eigedelar, som i vårt tilfelle er programvare og IT-system. Auken speglar at direktoratet er inne i ein fase med tung satsing på modernisering og utvikling av nye digitale løysingar. Dette er investeringar som på sikt vil gi effektiviseringsgevinstar og setje direktoratet betre i stand til å løyse sitt samfunnsoppdrag.

Varige driftsmiddel har auka med om lag 3 mill. kroner. Dette er i hovudsak knytt til innkjøp av nye PC-ar .

Finansielle anleggsmiddel har blitt redusert med 4,2 mill. kroner. Denne posten består av ei langsiktig fordring knytt til direktoratet sin leigekontrakt i Stavanger. Fordringa blir gradvis avskriven over levetida til kontrakten.

I sum har posten anleggsmiddel auka med 23,7 mill. kroner. Auken er knytt til investeringar som gjer direktoratet betre rusta til å møte framtidige behov.

Under omløpsmidlar har opptente, ikkje fakturerte inntekter auka med 8,1 mill. kroner. 3,9 mill. kroner av auken kjem av arbeidstimar innanfor oppdrags-, samarbeids- og tilsynsverksemd som ikkje er fakturert per 31. desember. Resten av auken skuldast ei feilføring som blir korrigert i 2026.

Staten sin kapital var på 41,1 mill. kroner ved utgangen av året. Dette er ein auke på 15,7 mill. kroner. Auken reflekterer mellom anna den sterke satsinga på IT-utviklingsprosjekt i direktoratet.

Gjeld utgjorde 116,1 mill. kroner på slutten av året. Dei største gjeldspostane er mottatt forskotsbetaling, feriepengar, og kostnader som er påløpte men ikkje betalte i 2025. Gjelda har auka med 14,6 mill. kroner i løpet av året. Auken er i hovudsak knytt til motteken forskotsbetaling og påløpte kostnader, og har samanheng med høgt aktivitetsnivå i 2025.

Revisjon

Riksrevisjonen er ekstern revisor for Sökkeldirektoratet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men vi forventar at revisjonsberetninga er klar i løpet av andre kvartal 2026. Vi publiserer beretninga på våre nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Stavanger, 13. mars 2026



Torgeir Stordal

Direktør for Sökkeldirektoratet

Kontantrekneskapen

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemdar er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnar om økonomistyring i staten (føresegnene). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2025 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følger kalenderåret.

- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Sokkeldirektoratet er knytt til konsernkontoordninga i staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar som Sokkeldirektoratet står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som direktoratet har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løyvingsrekneskapen som Sokkeldirektoratet har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva direktoratet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar direktoratet står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitlar og postar under andre verksemder (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for «Samla tildeling», men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir viste i kolonnen for «Rekneskap».

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for «Samla tildeling», men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå Sokkeldirektoratet sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og blir derfor ikkje viste i kolonnen for «Rekneskap». Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Sokkeldirektoratet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Direktoratet har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyving- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser nota til artskontorrapporteringa Sammenheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa bokførte tal frå kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassa». Nota viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomverendet med statskassa.

Sokkeldirektoratet har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegner om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokført. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Løyvingsrapportering

Utgifts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling for 2025	Rekneskap per 31.12.2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
1810	Sokkeldirektoratet	01	Driftsutgifter	A,B	409 641 000	391 165 605	18 475 395
1810	Sokkeldirektoratet	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	227 694 000	167 530 394	60 163 606
1810	Sokkeldirektoratet	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd	A,B	49 500 000	48 333 883	1 166 117
1540	Digitaliseringsdirektoratet	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekter		0	10 943 852	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Driftsutgifter		0	35 563 234	
Sum utgiftsført					686 835 000	653 536 969	

Inntekts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samla tildeling for 2025	Rekneskap per 31.12.2025	Meirinntekt og mindreinntekt(-)
4810	Sokkeldirektoratet	01	Gebyrinntekter		29 900 000	20 581 066	-9 318 934
4810	Sokkeldirektoratet	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter		49 500 000	43 283 021	-6 216 979
4810	Sokkeldirektoratet	10	Refusjoner		0	39 500	39 500
5507	Skatt og avgift på utvinning av petroleum	74	Arealavgifter		1 300 000 000	1 258 970 087	-41 029 913
5508	Avgift på utslipp av CO ₂ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen	70	CO ₂ -avgift i petroleumsvirksomheten på kontinentalsokkelen		9 155 000 000	7 886 075 358	-1 268 924 642
5582	Sektoravgifter under Energidepartementet	74	Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet		40 000 000	38 787 500	-1 212 500
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	346 441	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	31 166 994	
Sum inntektsført					10 574 400 000	9 279 249 966	

Netto rapportert til løyingsrekneskapen		-8 625 712 997
Kapitalkontoer		
60081801	Norges Bank KK/innbetalinger	9 599 849 822
60081802	Norges Bank KK/utbetalinger	-971 432 488
718005	Endring i mellomværende med statskassen	-2 704 337
Sum rapportert		0

Beholdninger rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.)		2025	2024	Endring
718005	Mellomværende med statskassen	-52 792 540	-50 088 203	-2 704 337

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
1810 01	6 141 000	403 500 000	409 641 000
1810 21	25 694 000	202 000 000	227 694 000
1810 23	0	49 500 000	49 500 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år										
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindre-utgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparinger (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1810 01		18 475 395		18 475 395	39 500			18 514 895	20 175 000	18 514 895
1810 21	«kan overførast»	60 163 606		60 163 606				60 163 606	289 100 000	60 163 606
1810 23	«kan overførast»	-1 166 117		-1 166 117	-2 216 979			-3 383 096	107 000 000	0

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne løyingsfullmakter

Sokkeldirektoratet har fått ei løyingsfullmakt på 5 mill. kroner på Digitaliseringsdirektoratet sitt kapittel 1540 post 25. I tillegg er det overført 5,9 mill. kroner frå tilsvarande løyingsfullmakt frå 2024. Fullmakta er knytt til medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt. Total løyingsfullmakt for 2025 er 10 943 852 og er brukt opp.

Fullmakt til å overskride tildelt beløp mot tilsvarande meirinntekter

Direktoratet har fullmakt til å overskride tildelt beløp på kapittel 1810 post 01 og kapittel 1810 post 23 mot tilsvarande meirinntekt. Meirinntekta for kapittel 1810 post 01 er knytt til kapittel 4810 post 10 og gjeld inntekter frå leige av visningsrom i Geobank.

Direktoratet har fullmakt til å overskride tildelt beløp på kapittel 1810 post 23 mot tilsvarande meirinntekt på kapittel 4810 post 02. Overskriddinga i 2025 har ikkje ei tilsvarande meirinntekt på kapittel 4810 post 02. Årsaka er at det er ein tidsforskjell mellom kostnad og tilhøyrande inntekt som følge av endra faktureringsrutinar hos Norad.

Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til direktoratet på kapittel 1810 post 21 og kapittel 1810 post 23 er gitte med stikkordet «kan overførast». Dette inneber at direktoratet har fullmakt til å overføre eventuell gjenverande løyving til neste budsjettår, avgrensa oppover til sum av dei siste to års løyvingar.

Mogleg overførbart beløp

På kapittel 1810 post 01 er det ei mindreutgift (ubrukt løyving) på 18 475 395 kroner. Mindreutgifta kjem av prosjekt, investeringar og anna som er igangsett, men ikkje fullført i 2025. Dette er aktivitetar som følgjer av sektoravgifta som blei endeleg avklart like før sommaren. Det har derfor teke noko tid å starte opp, men gjennomføringsevna er vesentleg betra gjennom hausten og vinteren, og overskotet blir søkt overført til 2026.

Maksimal overføring av ubrukt løyving til neste budsjettår på denne posten er 5 pst. av løyvinga.

På kapittel 1810 post 21 er det ei mindreutgift på 60 163 606 kroner som er knytt til digitalisering, havbotnmineral og undersøkingar. Innanfor digitalisering er mindreutgifta rundt 4 mill. kroner, og kjem dels av påløpte men ikkje betalte kostnader og dels prosjekt som er påbyrja men ikkje fullført i 2025. Innanfor havbotnmineral er mindreutgifta rundt 40 mill. kroner. Av dette blir 23 mill. kroner overført til neste år for å finansiere kartleggingsavtalar som er inngåtte i 2025 men som blir gjennomførte i 2026. Dei resterande 17 mill. kronene gjeld innkjøp av havstraummålarar som det er inngått avtale på i 2025 og som blir leverte og betalte i 2026. Innanfor undersøkingar er mindreutgifta 13 mill. kroner, og kjem av at det er relativt mange prosjekt og aktivitetar som er påbyrja men ikkje ferdigstilte i 2025. Den ubrukte løyvinga kan overførast til neste budsjettår, jf. stikkordet «kan overførast».

Note C Oversikt over binding på framtidige års løyvingar**Avtalar om leige av kontorlokale**

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				0
Varigheit 1-5 år	2 592 833	2 670 618	2 002 963	4 673 581
Varigheit over 5 år	38 667 974	39 828 013	238 968 079	278 796 093
Totalt	41 260 807	42 498 631	240 971 043	283 469 674

Andre vesentlege leigeavtalar

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				0
Varigheit 1-5 år	970 920	1 000 048	250 012	1 250 060
Varigheit over 5 år				0
Totalt	970 920	1 000 048	250 012	1 250 060

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester

Gjenverande varigheit per 31.12.	Årleg beløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Varigheit inntil 1 år				0
Varigheit 1-5 år	16 000 000	16 000 000	24 000 000	40 000 000
Varigheit over 5 år				0
Totalt	16 000 000	16 000 000	24 000 000	40 000 000

Artskontorrapportering

	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter rapporterte til løyvingrekskapen		
Innbetalinger frå gebyr	20 581 066	23 527 415
Sals- og leigeinnbetalningar	43 322 521	116 899 610
Andre innbetalningar	3 750	9 500
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>	63 907 337	140 436 525
Driftsutgifter rapporterte til løyvingrekskapen		
Utbetalningar til lønn	261 974 903	249 669 711
Andre utbetalningar til drift	315 484 894	262 760 041
<i>Sum utbetalningar til drift</i>	577 459 797	512 429 752
Netto rapporterte driftsutgifter	513 552 460	371 993 226
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingrekskapen		
	0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingrekskapen		
Utbetaling til investeringar	40 501 161	3 664 878
Utbetaling av finansutgifter	16 527	12 336
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	40 517 687	3 677 214
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	40 517 687	3 677 214
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	9 183 832 945	8 874 592 511
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	9 183 832 945	8 874 592 511
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	346 441	330 503
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	31 166 994	31 177 535
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	35 563 234	30 221 855
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	4 049 800	-1 286 183
Netto rapportert til løyvingrekskapen	-8 625 712 997	-8 500 208 253
Oversikt over mellomverande med statskassen		
	31.12.2025	31.12.2024
Eigedelar og gjeld		
Fordringar på tilsette	2 314 021	2 588 043
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-11 970 443	-9 358 092
Skuldige offentlege avgifter	-1 619 355	-1 095 491
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-11 053 887	-15 183 174
Mottatte forskotsbetalningar	-30 524 717	-27 123 925
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	61 842	84 436
Sum mellomverande med statskassen	-52 792 540	-50 088 203

Prosjektrekneskap

Kapittel 1810 post 21

	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap (HB)	Resultat	Overføring til 2026	Saldert budsjett 2026	Budsjett 2026 inkl. overføring
Digitaliseringsprogrammet							
SMIL 2.0	12 978 760	11 549 207	11 849 652	1 429 553	1 429 553	17 207 500	18 900 000
RNB-digitalisering	17 207 560	16 038 854	17 244 321	1 168 706	1 168 706	22 792 500	22 792 500
Andre prosjekt/kostnader	20 813 680	16 087 624	17 244 321	4 726 056	4 725 741	0	5 631 500
<i>Sum digitaliseringsprogrammet</i>	<i>51 000 000</i>	<i>43 675 685</i>	<i>46 338 295</i>	<i>7 324 315</i>	<i>7 324 000</i>	<i>40 000 000</i>	<i>47 324 000</i>
Havbotnmineral							
Djupnedata – Grønlandshavet med Helmer Hanssen vinteren 2025	13 675 000	13 674 335	13 674 335	665	0	0	0
Anskaffing av havstrømingsmålarar	20 000 000	3 562 567	3 562 567	16 437 433	16 437 000	0	16 437 000
Anskaffing av djuphavs-AUV	70 000 000	70 000 000	70 000 000	0	0	0	0
Djupnedata – Lofotenbassenget med Helmer Hanssen sommeren 2025	12 260 000	12 293 112	12 316 977	-33 112	0	0	0
Anskaffing av multistråle-ekkolodd	8 000 000	8 000 000	8 000 000	0	0	0	0
Innsamling av djupnedata i samarbeid med UiT	10 000 000	0	0	10 000 000	10 000 000	0	10 000 000
Innsamling av havdjupsdata i samarbeid med UiB	13 000 000	0	0	13 000 000	13 000 000	0	13 000 000
Andre prosjekt/kostnader	5 065 000	4 656 581	4 656 581	408 419	376 000	0	376 000
<i>Sum havbotnmineral</i>	<i>152 000 000</i>	<i>112 186 595</i>	<i>112 210 460</i>	<i>39 813 405</i>	<i>39 813 000</i>	<i>0</i>	<i>39 813 000</i>
<i>Grunnundersøkingar, havvind, studiar, analysar, undersøkingar mv.</i>	<i>24 694 000</i>	<i>11 668 114</i>	<i>11 735 523</i>	<i>13 025 886</i>	<i>13 026 000</i>	<i>15 000 000</i>	<i>28 026 000</i>
Sum kapittel 1810 post 21	227 694 000	167 530 394	170 284 278	60 163 606	60 164 000	55 000 000	115 164 000

Oppdrags- og samarbeidsverksemd

	Budsjett 2025	Rekneskap 2025			Differanse
		Vidarefakturerte konsulentutgifter	Utgiftene til direktoratet	Sum utgifter	
Norad (Efu og Hfu)	12 000 000	5 855 747	6 023 261	11 879 008	120 992
Diskos	32 500 000	25 539 606	4 705 712	30 245 318	2 254 681
FORCE	5 000 000	4 567 959	1 641 598	6 209 557	-1 209 556
Sum	49 500 000	35 963 312	12 370 571	48 333 883	1 166 117

Grunnlag for sektoravgift

I statsbudsjettet for 2025 blei det innført ei sektoravgift under Sokkeldirektoratet som skal dekkje delar av kostnadene direktoratet har til digitalisering og forvaltning av data frå petroleumsvirksemda. Sjå nærare omtale av sektoravgifta i kapittel 4, «Styring og kontroll i verksemda». Tabellen under viser grunnlaget for fakturering av sektoravgifta for 2025.

Sektoravgift Sokkeldirektoratet Grunnlag for fakturering for 2025	
Kostnadsgrunnlag andre halvår 2025	Grunnlag for avgift
Digital infrastruktur og digitalisering	24 474 480
Dataforvaltning og -deling	6 902 430
Kunnskapsutvikling og -deling	5 134 040
Oppbevaring og tilgjengeleggjering geologisk prøvemateriale	3 153 020
Sum kostnadsgrunnlag andre halvår 2025	39 663 970
Tal på utvinningsløyve per 1. juli 2025	547
Avgiftssats per utvinningsløyve	72 512
Avgiftssats avrunda	72 500

Tabell 6: Grunnlag for fakturering av sektoravgift for 2025

Verksemdsrekneskapen

Rekneskapsprinsipper

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle egedelar og varige driftsmiddel verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmidlar er verdsette til verkeleg verdi.

Gjenanskaffingsverdi for ein egedel er det beløp det vil koste dersom egedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som eksisterande egedel.

Omløpsmidlar er verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene blir utførte, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemdar har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Sokkeldirektoratet resultatfører arbeidsgivardel av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler Sokkeldirektoratet ein verksemdsspesifikk, hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå forholda i den enkelte verksemda, og ikkje for grupper av verksemder samla.. At premien er hendingsbasert, betyr at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven til ei kvar tid er a jour med oppteninga til medlemmene. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Sokkeldirektoratet har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som blir disponerte av verksemda. Med varige eigedelar siktar ein til eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Store eigedelar er eigedelar med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost med fråtrekk for avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter vedrørande bruk av eigne tilsette knytte til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er ikkje balanseført.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre poster er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar enkelt fordring.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks spotkurs per 31. desember lagd til grunn.

Staten sin kapital

Nettobeløpet av egedelane og gjelda utgjer staten sin kapital i Sökkeldirektoratet, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga.

Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er ikkje inkludert poster i balanse eller resultatrekneskap som reflekterer alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten

Sökkeldirektoratet er omfatta av konsernkontoordninga i staten.

Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane for direktoratet i Noregs Bank.

Sökkeldirektoratet får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår.

Resultatrekneskap

	Note	31.12.2025
Driftsinntekter		
Inntekt frå løyvingar	1	535 624 102
Inntekt frå gebyr	1	25 045 246
Sals- og leigeinntekter	1	47 270 572
Andre driftsinntekter	1	3 750
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>607 943 670</i>
Driftskostnader		
Varekostnader		41 841 853
Lønnskostnader	2	266 383 343
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	15 079 196
Andre driftskostnader	5	284 622 751
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>607 927 143</i>
Driftsresultat		16 527
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	6	0
Finanskostnader	6	16 527
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<i>-16 527</i>
Resultat av periodens aktivitetar		0
Avrekningar og disponeringar	7	0
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten		
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	8	9 184 557 945
Avrekning med statskassa innkrevingsverksemd		9 184 557 945
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		<i>0</i>

Balanse

EIGEDELAR	Note	31.12.2025	01.01.2025
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og likande rettigheter	3	19 291 676	30 243 363
Immaterielle egedelar under utføring	3	68 744 962	32 864 614
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		<i>88 036 638</i>	<i>63 107 977</i>
II Varige driftsmiddel			
Maskiner og transportmiddel	4	701 045	784 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	19 619 854	16 566 446
<i>Sum varige driftsmiddel</i>		<i>20 320 898</i>	<i>17 350 446</i>
III Finansielle anleggsmiddel			
Andre fordringar	9	29 184 923	33 354 198
<i>Sum finansielle anleggsmiddel</i>		<i>29 184 923</i>	<i>33 354 198</i>
Sum anleggsmiddel		137 542 459	113 812 621
B. Omløpsmiddel			
I Varer og driftsmateriell			
		0	0
II Fordringar			
Kundefordringar	10	1 148 819	919 248
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	11	10 167 304	2 088 157
Andre fordringar	12	8 338 560	10 029 052
<i>Sum fordringar</i>		<i>19 654 683</i>	<i>13 036 458</i>
III Bankinnskott, kontantar og liknande			
Kontantar og liknande	13	3 976	3 976
<i>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</i>		<i>3 976</i>	<i>3 976</i>
Sum omløpsmiddel		19 658 659	13 040 434
Sum egedelar		157 201 118	126 853 055

STATEN SIN KAPITAL OG GJELD	Note	31.12.2025	01.01.2025
C. Staten sin kapital			
I Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	41 116 180	25 390 351
Sum avrekningar		41 116 180	25 390 351
Sum staten sin kapital		41 116 180	25 390 351
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar			
		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		11 053 887	15 019 525
Skuldig skattetrekk		11 970 443	9 358 092
Skuldige offentlege avgifter		6 598 289	5 661 612
Avsette feriepengar		23 719 382	21 886 230
Mottatt forskotsbetaling	11	30 957 263	27 550 860
Anna kortsiktig gjeld	14	31 785 674	21 986 385
Sum kortsiktig gjeld		116 084 938	101 462 704
Sum gjeld		116 084 938	101 462 704
Sum staten sin kapital og gjeld		157 201 118	126 853 055

Note 1 Driftsinntekter	31.12.2025
Inntekt frå løyvingar*	
Inntekt frå løyvingar	535 624 102
Sum inntekt frå løyvingar	535 624 102
Inntekt frå gebyr	
Gebyr	25 045 246
Sum inntekt frå gebyr	25 045 246
Sals- og leigeinntekter	
Salsinntekt, avgiftspliktig	5 119 994
Salsinntekt, avgiftsfri	42 150 578
Sum sals- og leigeinntekter	47 270 572
Andre driftsinntekter	
Gevinst ved avgang av anleggsmidlar	3 750
Sum andre driftsinntekter	3 750
Sum driftsinntekter	607 943 670

*Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar berekna som differansen mellom kostnadene i

perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Note 2 Lønnskostnader, årsverk og andre ytingar	31.12.2025
Lønn	184 711 991
Feriepengar	24 080 376
Arbeidsgivaravgift	31 562 206
Pensjonskostnader*	25 381 988
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-4 501 851
Andre ytingar	5 148 634
Sum lønnskostnader	266 383 343

Utførte årsverk hittil i år: **182**

Lønn og andre ytingar til verksemdsleiar

Torgeir Stordal 2 073 576

Det er ikkje inngått avtalar med verksemdsleiar om vederlag ved opphøyr eller endring av arbeidsforholdet/vervet som kan gi vesentlege framtidige forpliktingar. Det er heller ikkje inngått andre særskilde avtalar til fordel for verksemdsleiar.

*Premiesatsen for arbeidsgivardelen utgjorde i 2025 12,7 pst. (arbeidsgivardel av pensjonspremie på artskonto 542/pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 12,7 pst.

Note 3 Immaterielle eigedelar	Programvare og liknande rettar	Immaterielle eigedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.	48 796 143	32 864 614	81 660 757
Tilgang i året	0	35 880 348	35 880 348
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå immaterielle eigedelar under utføring til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffingskost	48 796 143	68 744 962	117 541 105
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	18 552 780	0	18 552 780
Ordinære avskrivningar i året	10 951 687	0	10 951 687
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	19 291 676	68 744 962	88 036 638
Avskrivingssatsar (levetider)	5 år lineært	Inga avskrivning	

Note 4 Varige driftsmiddel

	Maskiner og transport-middel	Drifts-laussøyre, inventar, verktoy o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	2 150 000	36 692 582	38 842 582
Tilgang i året	0	7 097 961	7 097 961
Avgang anskaffingskost i året (-)	0	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0	0
Anskaffingskost	2 150 000	43 790 543	45 940 543
Akkumulerte nedskrivningar 01.01	0	0	0
Nedskrivningar i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	1 366 000	20 126 136	21 492 136
Ordinære avskrivningar i året	82 955	4 044 553	4 127 509
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2025	701 045	19 619 854	20 320 898

Avskrivingsssatsar (levetider) 3-15 år lineært 3-15 år lineært

Salssum ved avgang anleggsmiddel	0	0	0
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel	0	0	0
= Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

Note 5 Andre driftskostnader**31.12.2025**

Husleige	44 206 591
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	716 010
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	9 057 664
Leige maskiner, inventar og liknande	19 034 171
Mindre utstyrsanskaffingar	1 467 458
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osb.	699 424
Kjøp av konsulenttenester	27 982 043
Kjøp av andre framande tenester	161 819 720
Reiser og diett	9 700 101
Andre driftskostnader	9 939 569
Sum andre driftskostnader	284 622 751

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar

Gjenverande varigheit	Type eigedel		
	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Drifts-laussøyre, inventar, verktoy og liknande	Sum
Varigheit inntil 1 år		380 619	380 619
Varigheit 1-5 år	3 177 772		3 177 772
Varigheit over 5 år	40 693 319		40 693 319
Kostnadsført leigebetaling for perioden	43 871 091	0	44 251 710

Sokkeldirektoratet har tre avtalar om leige av lokale på rapporteringstidspunktet; i Stavanger, i Harstad og i Trondheim. I tillegg har direktoratet avtale om leige av kopimaskiner.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader**31.12.2025****Finansinntekter**

Renteinntekter	0
Anna finansinntekt	0
Sum finansinntekter	0

Finanskostnader

Rentekostnad	16 527
Annan finanskostnad	0
Sum finanskostnader	16 527

**Note 7 A Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa
(bruttobudsjetterte verksemder)**

A) Forklaring til at resultatet i perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	01.01.2025	Endring
Avrekna med statskassa i balansen	41 116 180	25 390 351	15 725 829

Bakgrunnen for at resultatet i perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassa i balansen for bruttobudsjetterte verksemder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassa i balansen.

I tillegg blir enkelte transaksjonar tekne i betraktning som ikkje er knytt til drifta og transaksjonane for verksemda som ikkje medfører ut- eller innbetaling.

Tabellen under viser dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet i perioden.

Endring i avrekna med statskassa

Konsernkontoar i Noregs Bank

Konsernkonto utbetaling	-971 432 488
Konsernkonto innbetaling	9 599 849 822
Netto trekk konsernkonto	8 628 417 334

Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)

- Innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar	-9 183 832 945
+ Utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar	0

Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa

+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991)	535 624 102
- Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-31 513 434
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	35 579 113

Andre avstemmingspostar

Spesifikasjon av andre avstemmingspostar	0
--	---

Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto -15 725 829

Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassa 0

Sum endring i avrekna med statskassa **-15 725 829**

Note 7 B Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa (bruttobudsjetterte verksemd)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa

	31.12.2025 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2025 Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	Forskjell
Immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel			
Immaterielle eigedelar	88 036 638	0	88 036 638
Varige driftsmiddel	20 320 898	0	20 320 898
<i>Sum</i>	108 357 536	0	108 357 536
Finansielle anleggsmiddel			
Andre fordringar	29 184 923	0	29 184 923
<i>Sum</i>	29 184 923	0	29 184 923
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	1 148 819	0	1 148 819
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	10 167 304	0	10 167 304
Andre fordringar	8 338 560	2 314 021	6 024 540
Bankinnskot, kontantar og liknande	3 976	0	3 976
<i>Sum</i>	19 658 659	2 314 021	17 344 638
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-11 053 887	0	-11 053 887
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-11 970 443	-12 739 768	769 325
Skuldige offentlege avgifter	-6 598 289	-1 619 355	-4 978 934
Avsette feriepengar	-23 719 382	0	-23 719 382
Motteken forskotsbetaling	-30 957 263	-30 524 717	-432 546
Anna gjeld til tilsette	-12 602 663	0	-12 602 663
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgjvardel	0	-10 284 562	10 284 562
Anna kortsiktig gjeld	-19 183 012	61 842	-19 244 854
<i>Sum</i>	-116 084 938	-55 106 560	-60 978 378
Sum	41 116 180	-52 792 540	93 908 719

Mellomverande med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av direktoratet sine netto eigedelar og gjeld.

Note 8 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

31.12.2025

Skattar og avgifter, renteinntekter og utbytte m.m.	9 184 557 945
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassa	9 184 557 945

Note 9 Finansielle anleggsmiddel

31.12.2025 01.01.2025

Andre fordringar*	29 184 923	33 354 198
Sum kundefordringar	29 184 923	33 354 198

* Andre fordringar består av ei langsiktig fordring knytt til leigekontrakten til direktoratet i Stavanger. I samsvar med kontrakten skal direktoratet betale eit meirverdiavgiftspåslag som kompenserer utleigar for redusert frådagsrett på byggjekostnader. Påslaget gjeld for heile løpetida til kontrakten på 20 år, men var oppgjort per 1. januar 2025. I balansen er påslaget klassifisert som ei langsiktig fordring som blir periodisert over 20 år tilsvarande varigheita for leigekontrakten.

Note 10 Kundefordringar	31.12.2025	01.01.2025
Kundefordringar til pålydande	1 148 819	919 248
Sum kundefordringar	1 148 819	919 248

Note 11 Opptente, ikkje fakturerte inntekter / Motteken forskotsbetaling	31.12.2025	01.01.2025
Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)		
Avsetning timar/utgifter Efu og tilsyn*	10 167 304	2 088 157
Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter	10 167 304	2 088 157

Motteken forskotsbetaling (gjeld)		
ONS forskot	500 000	0
FORCE Sub Basalt forskot	3 279 843	3 279 843
FORCE forskot	3 170 624	4 715 042
Diskos forskot	24 006 796	19 555 974
Sum motteken forskotsbetaling	30 957 263	27 550 860

* Om lag 6 mill. kroner av beløpet per 31.12. gjeld arbeidstimar for oppdrags-, samarbeids- og tilsynsverksemd som ikkje var fakturert på slutten av året. Resterande beløp skuldast ei feilføring som vil bli korrigert i 2026.

Note 12 Andre kortsiktige fordringar	31.12.2025	01.01.2025
Reiseforskot	323 037	257 116
Personallån	1 990 984	2 330 927
Forskotsbetalt leige	4 682 121	0
Andre forskotsbetalte kostnader	1 051 923	2 256 814
Andre fordringar	290 496	5 184 195
Sum andre kortsiktige fordringar	8 338 560	10 029 052

Note 13 Bankinnskot, kontantar og liknande	31.12.2025	01.01.2025
Kontantar*	3 976	3 976
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	3 976	3 976

* Ved en feil har ikkje utgåande balanse per 31. desember blitt korrigert for tilgang og avgang gjennom året.

Note 14 Anna kortsiktig gjeld	31.12.2025	01.01.2025
Skuldig lønn	-61 842	-84 436
Anna gjeld til tilsette	12 602 663	16 718 602
Påløpte kostnader	17 858 587	5 352 219
Anna kortsiktig gjeld	1 386 267	0
Sum anna kortsiktig gjeld	31 785 674	21 986 385